# Heimemisjonen

Organ for ImF Sunnmøre

Nr. 3 - 2019 101.årgang

imf Sunnmøre


# Sommartreff ImF Sunnmøre

## 15.-16. juni Thon Hotel Fosnavåg

## TEMA: VÅG!



ROLF KJØDE



MARIA GUSTIN BERGSTRØM



ARILD BERSTAD MED TEAM

### LAURDAG

| | |
|---|---|
| kl. 10.15–11.00 | Registrering |
| kl. 11.00 | Årsmøteforhandlingar |
| kl. 11.00 | Eige opplegg for barna - påmelding |
| kl. 19.00 | Festmøte – Rolf Kjøde – Maria Gustin Bergstrøm – Arild Berstad med team |
| kl. 21.00 | Konsert Maria Gustin Bergstrøm m.fl. Anna Regine Vada Blom - saksofon Billett kr. 200,- pr. person |

### SØNDAG

| | |
|---|---|
| kl. 11.00 | Storsamling Rolf Kjøde, Maria Gustin Bergstrøm, Arild Berstad med team. Eige opplegg for barna |
| Kl. 13.00 | Lunsj |

Pris pr. person i dobbeltrom med lunsj og middag laurdag 950,- / 1250,- enkeltrom.
Lunsj søndag kr. 130,-
Påmelding Plussreiser 70179000 / post@plussreiser.no



Leiar

# VÅG!



Så kort og fyndig er temaet vårt i år. –Beint på sak, der vi ikkje skjelar verken til Fosnavåg, Langevåg eller Brattvåg☺. Vi ynskjer på ny å late oss utfordre til å våge noko for Gud. Då veit vi også at eigne dristige påfunn er lite verdt. I staden vil vi prøve å høyre etter kva Herren Jesus vil.

William Carey stod i 1792 i bresjen for å opprette Det Engelske Baptistmisjonsselskap. Kallet som festa seg så sterkt i 30-åringen, vart ganske snart opphavet til ei sterk misjonsvekking i England og Europa. Han drog sjølv til India, og vi oppfordrar gjerne til å søkje opp historia om William Carey. Men **visjonen hans** siterer vi her og no: «VÅG STORE TING FOR GUD. VENT STORE TING AV GUD!»

**Våg å kome til Jesus!** Meisteren er her og spør etter deg. Han vil først og fremst ha det som gjekk i stykke for deg: Knuste potteskår. Han vil reise deg opp, han vil gle deg igjen, så du med takkens tårer svarar: Jesus meg selv jeg deg bringer...

**Våg å bli ståande,** i straumen – i motvind. Våg å stå som Daniel. Vi bør ikkje bli overraska om prisen for å følgje Jesus vil bli høgare i tida framover. Men lat oss då bli verande i Jesu kjærleik: Lat alle menneske få merke kor gode og milde de er! (Filipparbrevet 4,5)

**Våg å ta ansvar.** Våg å «vere hode, ikkje hale». Det betyr å ta gode initiativ, sette dagsorden, ta ordet i rette tid – gjere det gode! Der ligg ei gjerning klar framfor kvar einaste av oss. Om oppgåva verkar for liten, eller for stor: Er det du Jesus, som spør meg: Då kan eg våge å ta fatt! Vi kan lære noko av Peter: «Herre, er det du, så sei at eg skal koma til deg på vatnet. «Kom!» sa Jesus.

**Då treng eg mykje meir frimod!** For nokre sin del gjeld det berre å ta i bruk det vi allereie har: -Kast ikkje bort frimodet dykkar! Det gjev stor løn! (Hebr. 10,35) Men mange av oss har stort behov for påfyll av frimod og utrustning. Først og fremst blir trua styrka av kunnskap og Den Heilage Ande. Vi treng alle at trua på den treeinige Gud får eit sterkare fundament av kunnskap: Frå naturen, samfunnet og aller mest frå Bibelen. Søk kunnskap! Ta til deg det du treng om trusforsvar! –Og søk Den Heilage Ande! Om visdom er sølv, så er kjennskap gull. (Johannes 7,38): Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn.

***Vel møtt i Fosnavåg – og be for tida vi skal dele i lag!***

*Helsing Oddbjørn Brunstad*

# Velkommen til årets sommertreff!



Det er alltid en glede å invitere til sommertreff, dette året blir det igjen på Thon hotell i Fosnavåg. Erfaringene og tilbakemeldingene fra sist bruk av denne plassen var så gode, at vi gleder oss til å komme tilbake igjen! Alle møtesamlinger blir i konsertsalen og som sist blir det mulig med overnatting fra lørdag til søndag på hotellet til god pris.

Programmet dette året starter lørdag formiddag og avsluttes med storsamling søndag formiddag, innfor denne tidsrammen får vi plass til både årsmøteforhandlinger, forkynnelse konsert med mer.
Som taler dette året er vi glade for å ha fått med oss Rolf Kjøde. Han er så kjent at nærmere presentasjon er ikke nødvendig. Det er og svært gledelig at vi får med oss Arild Berstad med musikere og forsangere til å lede lovsang og allsang. Gjennom hele helga er vi glade for å få med oss Maria Gustin Bergstrøm som sanger, Maria regnes som en av de viktigste kristne sang- og salmedikterne i Sverige, hun omtales som den nye Lina Sandell. Maria er nå ansvarlig for musikk og kreativitet i Sionsforsamlingen i Linkøping.

Tema for årets sommertreff er: "Våg!"
Indremisjonsbevegelsen har ned gjennom historien "våget " å ta skritt, gjøre endringer for å nå samtiden med evangeliet i ord og handling. Hva skal vi våge i vår tid?

Under årsmøteforhandlingene vil der bli forslag om noen lovendringer og gjennom samtale om arbeidet vil fokus være hvilke konsekvenser saker som skal opp på ImF sin GF 2019 vil måtte få for vår krets. Dette vil være fokus som og berører vår pågående revisjon av strategiplan.

Og dette året vil der være program for barna gjennom forhandlingsmøte lørdag og på storsamlingen søndag starter alle opp sammen, senere går barna til eget rom med opplegg for barna.
Vær med å be for helga og alle de som skal delta!

*Velkommen til å være sammen*
*for å få inspirasjon og utfordring!*
*Johan Halsne*
*krinsleiar*

# Sakliste

1. Konstituering:
   A. Val av møteleiar
   B. Val av to personar til å føre møtebok
   C. Val av to personar til å skrive under møtebok
   D. Val av referentar
   E. Tale- og stemmerett
2. Årsmelding for 2018
3. Rekneskapen for 2018
4. Val av
   A. 4 styremedlemmar
   B. 4 varamedlemmar
   C. Valnemnd for neste år
5. Revisor for krins og avdelingar
6. Årsmøtegåva
7. Styret i ImF Sunnmøre fremjar forslag til endring i lov for ImF Sunnmøre §2d, § 4a, §5b, §8
8. Samtale om arbeidet – fokus ut frå svar på høyring knyta til GF 2019
9. Stad for årsmøtet 2020

## Til sak 4A, val av 4 styremedlemmar

**Fylgjande går ut av styret:**
Leif Steinar Alnes (Godøya) – kan attveljast – tek attval
Kolbjørn Gjære (Ørskog) – kan attveljast – tek ikkje attval
Solfrid Ulstein Riise (Ulsteinvik) – kan ikkje attveljast etter gamal lov – kan attveljast etter ny lov- tek attval
Ole Bjørn Vik (Skodje) – tek ikkje attval

**Frå før sit desse i styret:**
Oddbjørn Brunstad (Sykkylven)
Daniel Haugland (Ålesund)
Jan Ivar Stokset (Valderøya)

**Forslag frå valnemnda på nye styremedlemer:**
Leif Steinar Alnes (Godøya) – kan attveljast – tek attval
Solfrid Ulstein Riise (Ulsteinvik – kan ikkje attveljast etter gamal lov – kan attveljast etter ny lov- tek attval
Linda Austnes (Godøya)
Ståle Tønnesen (Ulsteinvik)

## Til sak 4B, val av 4 varamedlemmar til styret

**Forslag frå valnemnda:**
Knut Aarsund (Brattvåg)
Jan Løkkeborg (Ålesund)
Kåre Magne Remmen (Godøy)
Reidar Halvard Muren (Gjerdsvika)

# Styrekandidatar



**Alnes, Leif Steinar (Godøya)**
63 år, gift. Skipper på båten Nesbakk.
Aktiv i Alnes indremisjon.
Medlem i krinsstyret siste 4 år.



**Austnes, Linda (Godøy)**
56 år, gift, 5 barn, 1 fosterbarn, 7 barnebarn. Sjølvstendig næringsdrivande og dagleg leiar for «Inn på Tunet» eit tilrettelagt gardstilbod for born og unge. Har hatt styreverv for Godøy indremisjon, Brusdalsheimen, Orreneset og Sunnmøre Indremisjon.



**Tønnesen, Ståle (Ulsteinvik)**
64 år, gift. Lærar/rådgivar ved Møre barne- og ungdomsskule Herøy. Leiar i Ulsteinvik Indremisjon, leiar i skulelaget ved Møre barne- og u.skule Herøy, aktiv i leirarbeid.



**Riise, Solfrid Ulstein (Ulsteinvik)**
60 år, gift. Sjukepleiar/jordmor.
Har vore leiar i Volda indremisjon, fritids-forkynnar med gitar. Medlem i krinsstyret siste 6 åra.

# Varamedlemmar



**Aarsund, Knut (Brattvåg)**
70 år, gift. Pensjonist med rimeleg høgt aktivitetsnivå. Hobbypianist og tidlegare korsongar. Har vore styreleiar ved Brusdals-heimen, og mangeårig styreverksemd og aktiv i Brattvåg Indremisjon. 1.vara i styret siste år.



**Løkkeborg, Jan (Ålesund)**
52 år, gift. For tida pastor i Herøy frikyrkje og sjele-sørger i Fermate Sunnmøre. Har vore tilsett i Sunnmøre Indremisjon som ungdomssekretær, for-samlingsleiar i Blindheim og Hatlehol indremisjon, og fritidsforkynnar. Har vore 2. vara i styret siste år.



**Remmen, Kåre Magne (Godøya)**
50 år. Jobbar som matros og snikker.
Formann i Godøy indremisjon.
Har vore 3 .vara i krinsstyret siste år.



**Muren, Reidar Halvard (Gjerdsvika)**
35 år. Sjømann. Bor i Gjerdsvika.
4. vara i krinsstyret siste år.

# Årsmelding Sunnmøre Indremisjon 2018

*Sunnmøre Indremisjon er ein fri lekmannsorganisasjon tilslutta Indremisjonsforbundet, og vårt motto er «Med Guds Ord til folket».*

**Sunnmøre Indremisjon vart stifta i 1882, og dette er soleis den 137. årsmeldinga for krinsen. Styret vil med dette legge fram eit samandrag for verksemda i 2018.**
**Årsmøtet i juni 2018 vedtok samrøystes at krinsen frå 1. januar 2019 skulle endre namn frå Sunnmøre Indremisjon til ImF Sunnmøre.**

## Heimlov

Vi vil starte med å minnast dei misjonsvenene som gjekk heim til Herren i året som ligg bak. Sjølv om vi ikkje finn det rett å ta fram einskildpersonar, vil vi likevel streke under at vi er takksame for den truskap og støtte desse har vore i misjonsarbeidet. Den kristne vona gir håp i møte med døden. Apostelen Peter seier det slik i 1. Pet.1,3: «Lova vere Gud, våre Herre Jesu Kristi Far, som etter si store miskunn har atterfødd oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.»

Vi lyser fred over den einskilde sitt minne.

## Åndssituasjonen og vårt eige arbeid

Det er vanskeleg, med få ord, å gje eit komprimert bilde av den åndelege situasjonen i landet vårt som i stor grad også vil vera gjeldande for Sunnmøre, mykje kunne vore teke fram, men vi vil nemne nokre få ting som særleg prega den åndelege situasjonen i landet vårt i 2018 og som utfordrar oss som indremisjonsbevegelse også inn i framtida.

**Tru og frelse**

Noko av det første som skjedde i 2018 var at verdsevangelist Billy Graham vart henta heim til Herren nær 99 år gamal. Gjennom eit langt liv var det ein ting som prega Billy Graham meir enn noko anna, og det var hans tydelege og enkle forkynning om at Jesus både vil og kan frelse alle dei som vende seg til han i tru.
I sterk kontrast til dette finn vi det som skjedde omtrent i same tid då leiaren for kyrkjerådet i Den Norske Kyrkja sa dette i opningstalen sin til kyrkjemøtet i april 2018:
*«Folkekirken …. er teologisk begrunnet. Den består av alle døpte – og det er et ufravikelig prinsipp. Vi skal være en bred folkekirke, kirken må være låvedøråpen!»*
Vi ser at denne bodskapen meir og meir får breie om seg i den norske kyrkja. I tillegg er vi uroa over stigmatiseringa av dei konservative prestane som står på eit klassisk syn på ekteskapet opplever. Løfte om takhøgde for to syn, kan sjå ut til å gjelde kun for det nye synet. Det er vår bøn at dei konservative prestane som framleis står i kyrkja må få frimod, kraft og visdom for komande dagar. Sjølv om forholdet mellom indremisjonen og kyrkja er endra dei siste åra, er det meir enn nokon gong behov for at vi er ei vekkingsrøyst både mellom folket vårt og i møte med folkekyrkja. Her skal Sunnmøre Indremisjon stå, midt i folkestraumen og forkynna bodskapen om at menneske må ta imot Jesus i tru dersom ein skal verta frelst.

**Menneskeverdet**

I samband med regjeringsforhandlingane hausten 2018 kom spørsmålet om abortlova og menneskeverdet på dagsorden igjen i landet vårt. Tusenvis av menneske tok til gatene for å demonstrere og kjempe for retten til å ta livet av dei svakaste av alle, barna i mors liv. Den intense stemninga både i demonstrasjonar og debattar gav oss mest eit møte med dei vonde åndskreftene.
Det trengs mykje mot og styrkje å reise seg mot desse kreftene, ikkje minst for dei som skal stå fram offentleg, men menneskeverdet er ukrenkjeleg, og Gud kallar oss, både som organisasjon og som einskildmenneske, å stå opp for dette. I Sunnmøre Indremisjon vil vi våge å sette fokus på dette gjennom våre møte og på andre måtar i tida framover, og hjelpe kvarandre til å slå ring kring menneskeverdet.

**Vårt forhold til Israel**

Vi er også uroa over den auke vi ser av antisemittisme i landet vårt. Vi må be om klare hovud og varme hjarte i dette landskapet. Israel skal veta at det er eit indremisjonsfolk som støttar dei og deira rett til eit land med trygge grenser. Gud vaker over dette folket og han skal fullføra sin plan med dei.

## Underavdelingane våre

Sunnmøre Indremisjon får lov å stå i eit rikt og samansett arbeid der vi når menneske i alle aldrar og livssituasjonar. Vi er djupt takksame for dei mange underavdelingane våre og dei mange som tener Herren Jesus gjennom desse. Alle desse har levert eiga årsmelding som ligg vedlagt, men vi vil i takksemd nemne kvar einskild her:

**Orreneset Misjonssenter og Brusdalsheimen**

Dei to leirstadane våre er gode arbeidsreiskap for å nå menneske med evangeliet, både på Brusdalsheimen og Orreneset er det stor aktivitet og mange menneske er innom. Krinsen har arrangert både leirar og stemne på begge stadane i løpet av året, mange gjer også ein stor innsats som frivillige hjelparar. På Orreneset vart bemanninga utvida då Sondre Bårnes vart tilsett i full stilling frå sommaren av. Takk til Annbjørg og Sondre Bårnes på Orreneset og til Hilde og Arvid Lukkedal på Brusdalsheimen for truskap i tenesta.

**Radio Sunnmøre**

Radio Sunnmøre er nok den største talarstolen vi har i arbeidet vårt i Sunnmøre Indremisjon. Gjennom sine sendingar når radioen ut til svært mange menneske, både på Sunnmøre og elles utover landet. Ja vi har også lyttarar som høyrer på via internett over heile verda. Mange gjev uttrykk for stor takksemd for radiosendingane våre. Det har også vore gjort eit stort arbeid med å byggje ut sendenett for DAB. Dagleg leiar Ragnhild Kristine Vartdal Espelund var ute i morspermisjon første del av 2018 og i hennar stad var Gunhild Aksnes Kristiansen tilsett som dagleg leiar. Victor Haram gjekk i løpet av året ned til ei 20 % stilling i radioen. Ein stor takk til både tilsette og frivillige medarbeidarar i Radio Sunnmøre.

**Fermate Sunnmøre**
Iris Vartdal Clausen har 40 % stilling som dagleg leiar, sjelesørgjar og kurshaldar. Jan Løkkeborg er tilsett i 20 % stilling som sjelesørgjar. I 2018 hadde Fermate Sunnmøre 219 samtalar. Fermate er eit samarbeidsprosjekt med Normisjon.

**Daggry barnehage, Valderøya**
Daggry Barnehage har 73 barn fordelt på 4 avdelingar. Dei nye lokala som sto ferdig i 2017, har gjeve barnehagen vår eit skikkeleg løft. Ein stor takk til styrar Kari-Lise Nordstrand og resten av personalet.

**Brukt og Nyttig**
Ein stor og trufast stab av frivillige medarbeidarar driv bruktbutikken vår på Valderøya. Vi vil seie kvar einskild ein stor takk. I 2018 blei det overført kr. 146 000 til drifta av Sunnmøre Indremisjon frå Brukt og Nyttig, noko som er av svært stor verdi for både drift og økonomi i krinsen.

**Begravelsesbyrået Sunnmøre**
Mange menneske som opplever livets tyngste tak i møte med døden, får både praktisk og åndeleg hjelp frå våre tilsette i Begravelsesbyrået Sunnmøre. Takk til dagleg leiar Marit Vingen og dei andre tilsette for stor innsats også dette året.

**Møre Ungdomsskule**
110 elevar frå 8.-10. klasse går på Møre Ungdomsskule i Hatleholen. Skulen er no godkjent også som barneskule, og planlegg oppstart av barnetrinn frå hausten 2020. Takk til rektor Signe Reidun Urtegård og resten av personalet ved skulen.

**Møre barne- og ungdomsskule Herøy**
Skulen vår i Herøy har 150 elevar frå 1.-10. trinn. Rektor Arve Fiskarstrand slutta til sommaren 2018 og Knut Einar Tokheim tok over som rektor. Ein stor takk til han og resten av personalet på skulen i Herøy.

**Møre barne- og ungdomsskule Skodje**
Ved skulen i Brusdalen er det 80 elevar frå 1.-10. trinn. Ingrid Kvam Steinshamn er rektor ved skulen og har vore det sidan starten. Takk til Ingrid og resten av personalet ved skulen vår i Skodje.

**Ålesund Folkehøgskole**
I løpet av 2018 fekk folkehøgskulen vår nytt namn og ny logo. Vi ser allereie at namnet «Ålesund Folkehøgskole» er eit godt namn på skulen vår. Skulen profilerer seg elles som «reiseskulen». Takk til rektor Sven Wågen Sæter og personalet ved skulen for truskap i tenesta.

**ImF UNG Sunnmøre**
Randi Fagerhol Lauvås (leiar) er saman med Mathias Lindgren Mulelid (100 %) og Hilde Sofie Blindheim Østrem (50 %) dei tilsette i ImF UNG Sunnmøre. Eit stort og viktig arbeid vert gjort her mellom borna og dei unge. Barnekorfestival, 11 leirar, 1. mai arrangement, Pit Stop m.m. har vore gjennomført i 2018, i tillegg til mange lagsbesøk rundt om i krinsen. Vi vil seie takk til Randi, Mathias og Hilde Sofie for truskap i tenesta for Jesus.

**Plussreiser**
«Meir enn ferie» er mottoet for reiseselskapet vårt. Etter fusjonen med Sabra Fokus Reiser og Ravinala er Plussreiser no det største kristne reiseselskapet i Norge. Plussreiser tilbyr mange og allsidige reiser over heile verda. Hovudkontoret er i Spjelkavik og det er avdelingskontor i Stavanger og Kristiansand. Ein stor takk til dagleg leiar Aud Kindervåg Halsne og hennar dyktige medarbeidarar.

## Verksemda i krinsen

**Leiarkonferansen i ImF**
I november 2018 blei det for andre gong halde Leiarkonferanse i ImF sin regi, med meir enn 500 deltakarar. Det var svært gledeleg at så mange frå indremisjonsfamilien melde seg på. Her var mange spennande og tidsaktuelle tema og seminar ein kunne fylgje. Der var også ei fin gruppe frå Sunnmøre som hadde funne vegen til konferansen, men der hadde vore plass til fleire! Her får ein både viktig informasjon, og ikkje minst inspirasjon i det arbeidet ein står i, eller skal starte opp. I 2019 skal også Indremisjonsforbundet si Generalforsamling arrangerast som ein del av Leiarkonferansen.

**Forsamlingsbygging**
Dette er eit tema som blir meir og meir aktuelt for bedehusa på Sunnmøre og vi vil så sterkt vi kan oppmode om å gå for «forsamlingsmodellen» der det ligg til rette for det. Der eit bedehus er for lite til å starte slikt arbeid åleine, oppmuntrar vi til samarbeid mellom bedehus og andre organisasjonar. Sunnmøre Indremisjon støttar dette arbeidet, og vil hjelpe til med kompetanse i planlegging og startfase så langt som mogleg.

**Møteverksemd og forkynnarteneste:**
Igjen vil vi få uttrykke ei stor og varm takk til alle som tek ut i forkynnar-oppdrag på fritida si. Det er ein stor rikdom. Vi vil be kristne brør og søstre om å vere frimodige til å dele vitnemålet i forsamlinga. Vi ber om å få åndeleg syn til å sjå dei som har nådegåve til å forkynne, og oppmuntre dei. Lat forkynnarane få blomstre! Sjølv om dei fleste spørsmål om forkynnarhjelp kjem via krinskontoret, er det framleis slik at ein del foreiningar tek direkte kontakt med forkynnarane, og det avlastar administrasjonen ein del. Samstundes gjer dette at vi ikkje har full oversikt over all verksemd som er på dei lokale bedehusa. Med atterhald legg vi fram denne oversikta:






**Fylgjande forkynnar har vore i verksemd i 2018 i regi av Sunnmøre Indremisjon:**
Karl Arne Austnes, Linda Austnes, Are Bakke, Jarle Berland, Kai Even Bjørdal, Oddrun Bjørdal, Oddbjørn Brunstad, Helge Dimmen, Paul Eikrem, Kjell Furnes, Hilde Gjengedal, Maria Zahl Gundersen, Johan Halsne, Arild Ove Halås, Victor Haram, Randi Fagerhol Lauvås, Inger og Per Arne Lillebø, Gudrun Longva, Oddveig Molnes, Jostein Mulelid, Mathias Lindgren Mulelid, Ruben Lie Monsen, Lars Erik Nesseth, Odd Asbjørn Nybø, Kåre Magne Remmen, Solfrid Ulstein Riise, Per Sævik, Ståle Tønnesen, Robert Uggedal, Eyvind Volle, Anbjørn Walderhaug, Arvid Ødegård, Hilde Sofie Blindheim Østrem.

**Frå Indremisjonsforbundet:**
Irene Krokeide Alnes, Marit Stokken Berland, Otto Dyrkolbotn, Andreas Evensen, Anne Nyvoll Furnes, Erik Furnes, Tor Ingvald Lauvrak, Sverre Dag Ljønes, Randi Ljønes, Aud Karin Kjølvik Ringvoll, Harald Tjervåg, Bjarte Vesetvik, Ingbjørn Vingen.

**Andre som har vore med på møte:**
Kjetil Fyllingen, Johnn R. Hardang, Mikael Jarlestrand, Jens Petter Jørgensen, Aslaug Klungeland, Johanne Leinebø, Emilia Lindberg, Klaus Muff, Einar Nymoen, Berit Nesseth Otterlei, Arne Parelli, Ragnhild og Arvid Pettersen, Gunnar Prestegård, Tor Rødseth, Lydia Furnes Sindland, Mette og Roger Sørensen, Karina og Jarle Waldemar

**Tilsette i administrasjonen i Sunnmøre Indremisjon:**
I administrasjonen er no tre tilsette. Johan Halsne har 100 % stilling som krinsleiar. Janne Støbakk har 80 % stilling som administrasjonsleiar og Arild Ove Halås er tilsett i 40 % stilling som forkynnar og administrasjonsmedarbeidar.

**Mannshelg på Brusdalsheimen**
12.-13.januar vart det arrangert «Mannshelg» på Brusdalsheimen. Dette var mannshelg nr. 47 i rekka. Tema for helga: «Der det nye livet lever» og Klaus Muff var talar. Song av Valderøy-kvartetten og Tor Rødset m/band. Helga er eit samarbeid med Normisjon.

**Kvinnehelg på Orreneset**
20.-22. april vart det arrangert kvinnehelg på Orreneset Misjonssenter. Tema for helga var «I pottemakarens hand». Talar var Randi Fagerhol Lauvås, Rose Iren Stave og Katrine Numme sto for songen og musikken.

**Inspirasjonsdagar for kvinner på Brusdalseheimen**
19.-20.oktober vart det arrangert inspirasjonsdagar for kvinner på Brusdalsheimen. Tema for dagane var: «Jesuskvinner i Bibelen» Talar var Aud Karin Kjølvik Ringvoll. Berit Nesseth Otterlei hadde temasamling «Når livet blir meir». Songkrefter som deltok var: Kristin Fossum, Gro Hofseide og ei gruppe frå Godøya.

**Stemne på Brusdalsheimen**
Kristi Himmelfartsdag arrangerte vi stemnedag på Brusdalsheimen. Sunnmørsguttane og Marit & Irene deltok med song. Talarar var Randi Fagerhol Lauvås og Johan Halsne.

**Sommartreff/årsmøte**
Helga 08.-10. juni arrangerte vi sommartreff/årsmøtehelg på Ålesund Folkehøgskole. Tema for helga var: *«Velsigna – til velsigning»*. Jarle Berland, Lydia Furnes Sindland og Arild Ove Halås var med som talarar.
Vi starta med konsert på fredagskvelden med Sveinung Andersen og Kerysso. Arild Berstad m/team deltok med flott song. Laurdagskvelden var det festmøte og søndag storsamling og familiefest. Jarle Waldemar hadde eige opplegg for borna.
På forhandlingsmøtet vart det vedteke at krinsen skal skifte namn frå Sunnmøre Indremisjon til ImF Sunnmøre frå 1. januar 2019. Elles var det val og vanlege årsmøtesaker.

**60+ på Brusdalsheimen**
20. - 23. .august var det leir for 60 pluss. Talarar var Arild Ove Halås og Gunnar Prestegård. Takk til komitéen med Jostein Mulelid i spissen som står for desse samlingane!

**Orrenes-stemnet**
Søndag 26. august hadde vi stemne på Orreneset. Arild Ove Halås var talar og Hilde Gjengedal og Gudrun Longva stod for songen og musikken.

**Sang- og musikkhelg i Herøy 31. august – 2. september**
Dette var eit nytt arrangement som Sunnmøre Indremisjon sto bak saman med Kristen Riksradio P7. Mange gode songarar frå både Norge, Færøyene og Sverige var henta inn til denne helga på Thon Hotel Fosnavåg og oppslutninga var overveldande. Den store konsertsalen var fylt på alle samlingane, og mange overnatta på hotellet. I tillegg til dei mange songarane var radiopastor Johnn R. Hardang med som talar.

**Stjernedryss i Advent**
For fjerde året på rad blei det i desember arrangert «Stjernedryss i Advent». 9 bedehus fekk besøk av ulike songarar og gjestar i ei travel førjulstid. Dette er samlingar som gjer at vi når folk som elles ikkje deltek på samlingane våre.

**Storsamlingar**
Vi hadde i 2018 storsamling på Ålesund Folkehøgskole 2. påskedag og 2. søndag i advent. Arild Ove Halås tala 2. påskedag og Randi Fagerhol Lauvås var taler på adventsamlinga. Mikael Jarlestrand, barnekoret Spiren og Arild Berstad med team song på påskemøte, Sven W. Sæther og elevar frå Ålesund Folkehøgskole deltok på adventsamling.

**Fakkeltog for dei forfølgde kristne**
Måndag 29. oktober arrangerte Åpne Dører fakkeltog i Ålesund sentrum til støtte for forfølgde kristne. Sunnmøre Indremisjon er glade for å få vere med å arrangere denne viktige markeringa av dei forfølgde kristne sin situasjon. Vi avslutta med ei fin samling i Ålesund kyrkje.

**Arbeidarfesten**
Denne festen vart halde på Brusdalsheimen søndag 7. januar. Arild Ove Halås heldt andakt og vi hadde besøk av «Bugge og Mugge» frå Ryfylke som sto for den uformelle delen av programmet. Mange av våre tilsette og frivillige arbeidarar ser fram til denne festen og den er med å gi samhald og inspirasjon. Selskapa våre Begravelsesbyrået Sunnmøre AS og Plussreiser AS deler på å dekkje kostnadane til festen.

**Båtlotteri**
Det vart dette året også avvikla felles båtlotteri for leirstadane våre. Vinnar av båten vart Frid Breivik frå Vegsund.

**Ekstraordinært årsmøte**
69 utsendingar møtte til det ekstraordinære årsmøtet som vart halde på Brusdalsheimen tysdag 6. november. Det var to saker på sakslista. Det eine gjaldt å selje Ålesund bedehus, og det vart vedteke mot to stemmer å tilby Ungdom i Oppdrag å kjøpe huset.
Den andre saka gjaldt om Sunnmøre Indremisjon skulle seie ja til tilbodet frå Linbjørg og Johan Sunde om å ta over drifta av butikken Johan R. Sunde. Etter ein lengre diskusjon vart det vedteke å overta butikkdrifta. Vedtaket vart gjort mot 8 stemmer. Krinsen opprettar eit eige aksjeselskap, ImF Sunnmøre Holding AS som skal stå som drivar av butikken.

## Økonomien
Årsrekneskapen for Sunnmøre Indremisjon syner eit overskot på kr. 323 696.
*Takk til alle dei trufaste gjevarane våre som er med og held misjonsarbeidet oppe gjennom sine gåver!*

**Krinsstyret**
Leif Steinar Alnes (Alnes), Solfrid Ulstein Riise (Ulsteinvik), Ole Bjørn Vik (Skodje) og Kolbjørn Gjære (Sjøholt) sto ikkje på val dette året.
Jan Ivar Stokset (Valderøya), Daniel Haugland (Spjelkavik) og Oddbjørn Brunstad (Sykkylven) vart valde som faste styremedlemmar for to år.
Knut Aarsund, 1.vara (Brattvåg), Jan Løkkeborg, 2.vara (Ålesund), Kåre Magne Remmen, 3.vara (Godøya) og Reidar Halvard Muren 4. vara (Gjerdsvika) vart valde som vararepresentantar for 1 år.

Styret har i 2018 vore samla 10 gongar og handsama 74 saker. I tillegg har krinsstyret generalforsamling for Plussreiser AS, Begravelsesbyrået Sunnmøre AS og Møre barne- og ungdomsskule Skodje AS. Krinsleiar, administrasjonsleiar og leiar for ImF-Ung Sunnmøre er med på styremøta frå administrasjonen. Det er godt samarbeid og åndeleg samhald i krinsstyret. Å sitje i krinsstyret er både gjevande og eit stort ansvar. Vi takkar enno ein gong misjonsfolket for tillit, og ber framleis om forbøn for tenesta vår. Oddbjørn Brunstad, Ole Bjørn Vik og krinsleiar Johan Halsne utgjer krinsen sitt «Hyrde og lærerråd».

## Takk
Styret vil takke alle som på ulikt vis står med oss i arbeidet i Sunnmøre Indremisjon for at Guds rike skal ha framgang. Herren har utrusta og kalla deg, og vil løne deg rikt for din truskap i kallet.
Takk til alle medarbeidarane som har vore ute med Ordet gjennom vitnemål og song. Takk til medarbeidarane i alle underavdelingane våre.
Takk til Indremisjonsforbundet, Bibelskulen på Bildøy og andre krinsar for godt samarbeid i året som gjekk.
Arbeidet vårt må vere prega av at vi har fått kall og høve til å forkynne den gode bodskapen. Vi må be om å få eige ein erobringstrong til å vinne nye for himmelen.
«Vi vil framleis vinne, utruste og sende menneske med evangeliet!»

***Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegne, lat dykk forsona med Gud! Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettferdige for Gud i han. 2. Kor 5, 20-21***

## Styret i Sunnmøre Indremisjon
Oddbjørn Brunstad (leiar)
Ole-Bjørn Vik (nestleiar)
Solfrid Ulstein Riise
Leif Steinar Alnes
Daniel Haugland
Kolbjørn Gjære
Jan Ivar Stokset
Knut Aarsund (1.vara)



# Årsmelding ImF-UNG Sunnmøre 2018

## ARBEIDSSTABEN

Fylgjande personar har hatt arbeid i ImF-UNG Sunnmøre i 2018:
Randi Fagerhol Lauvås: leiar
Mathias Lindgren Mulelid: 100 % stilling som barne- og ungdomsarbeidar
Hilde-Sofie Blindheim Østrem: 50 % stilling som barne- og familiearbeidar

## LEIRARBEIDET

I 2018 hadde vi planlagt 12 leirar, like mange leirar som året før. Vi måtte avlyse begge ungdomsleirane og ein Tweensleir, på grunn av for få påmeldte deltakarar. Det har veksla mellom mange og relativt få deltakarar på dei leirane vi har gjennomført.
Vi har lukkast med å få nok leiarar til alle leirane i 2018. På nokre av leirane har vi hatt ei lita gruppe leiarar frå same plassen, og det har fungert veldig bra. Dette håper vi at vi kan vidareutvikle, og at fleire bedehus/bygder/lag kan stille med eit lite team for eksempel på ein leir i året.
Vi er svært takknemlege for høvet til å drive leir. Det er eit viktig arbeid, og vi har fått gode tilbakemeldingar frå foreldre, born og leirarar. Sjølv om vi skjeldan veit korleis den enkelte deltakaren responderer på det som vert forkynt så veit vi at Guds ord blir sådd, og det i ei tid der mange ikkje får høyre om Jesus utanom når dei er på leir. Vi opplever at det er endå viktigare enn før å vere tydlege og frimodige i å forkynne sanninga om menneske og Gud, for mange som kjem på leir veit svært lite om innhaldet i Bibelen frå før.

**Deltakarar og leiarar på leir 2018**

| | Leirar | Aldersgruppe | Antal barn | Antal leiarar |
|---|---|---|---|---|
| **Orreneset** | 2 | 5.-7.klasse | 89 (15 på venteliste) | 23 |
| **Orreneset** | 1 | Familieleir | 11 vaksne 14 barn | 5 |
| **Orreneset** | 2 avlyst | 8.-10.klasse | - | - |
| **Brusdalsheimen** | 4 | 2.-4.klasse | 110 | 29 |
| **Brusdalsheimen** | 3 | 5.-7.klasse | 81 | 18 |
| **Brusdalsheimen** | 1 avlyst | 5.-7.klasse | - | - |
| **Brusdalsheimen** | BGF | Frå 2.klasse | 55 | 3 + 14 korleiarar |
| | | | **360** (462 i 2017)) | **78 + 14 (92)** ( 110 i 2017) |

Etter nokre år utan **FAMILIELEIR**, satsa vi på dette i 2018, på Orreneset i palmehelga. Det var ikkje den store flokken som var samla, men vi synes det var mange nok til å gjennomføre leiren. Bjarte Vesetvik (ImF-UNG), Hilde-Sofie Blindheim Østrem og Arild Ove Halås var talarar på ulike grupper. Randi Fagerhol Lauvås var leirsjef og Mathias Lindgren Mulelid leia gruppa med barn.

## LAGSARBEIDET

I 2018 hadde vi 20 barnelag, 16 ungdomslag (nokre av desse frå 10 år og oppover), 9 barnekor og 1 ungdomskor som var innmeldt i ImF-UNG Sunnmøre. Det var inga endring frå 2017. ImF-UNG har eit mål om at det skal bli starta fleire lag, så dersom du veit om nokon som tenkjer å starte opp eit nytt lag så ønskjer vi i ImF Ung Sunnmøre å hjelpe til så godt vi kan med det. Der er økonomisk støtte til oppstart, og ein kan kvart år søke om frifondmidlar.
Lagsarbeidet er eit svært viktig arbeid der ein har moglegheit til å bli godt kjend med borna og ungdomane og ein kan komma tettare innpå enn ein gjer på leir. Ein får ein nærare relasjon til dei i laget, og får ofte følgje barna over tid.

| LAG | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnekor | 8 | 8 | 10 | 10 | 9 | 9 |
| Barnelag, Ving, Yngstes, Yngres | 21 | 22 | 20 | 18 | 20 | 20 |
| Ungdomskor | 5 | 4 | 2 | 1 | 1 | 1 |
| In*Puls, Y-ungdom, IUF,ungdomsgrupper, skulelag | 19 | 20 | 18 | 17 | 16 | 16 |
| **SUM** | **53** | **54** | **50** | **46** | **46** | **46** |

## AWANA

Awana er eit verktøy for opplæring og disippelgjering av barn og unge som Indremisjonsforbundet lanserte i Norge i 2017. Awana er utvikla i USA, og blir brukt i over 120 land verda over i ulike kirkesamfunn og forsamlingar. Etter å ha vore i bruk i Fredheim Arena i Sandnes eit år, har alt materiell som har blitt oversett til norsk blitt tilgjengeleg for dei som ynskjer å starte opp Awana-lag.

Bibelundervisning – leik – smågrupper, alt dette er like viktig på ei Awana-samling. Barna skal ha det kjekt i lag, få le og leike seg. Grundig og systematisk bibelundervisning er den andre viktige biten, og som den tredje bolken har dei smågrupper. Her øver dei mellom anna på å lære bibelvers utenat, og så får dei arbeide i dei flotte bøkene som kvar enkelt deltakar får. Desse bøkene skal dei ha med og arbeide i heime, og på den måten blir dette ei hjelp til å snakke om trua også i heimen.
I smågruppene skal barna bli sett, dei kan dele liv og be saman.

Det er mange levande lag, klubbar og søndagsskular rundt om på bedehusa på Sunnmøre. Desse skal vi vere takknemlege for og heie fram. Både for desse eksisterande laga og for eventuelt nye lag kan undervisningsopplegget Awana vere eit tenleg reiskap. Det kan tilpassast både store forsamlingar og små lag i bygder med få kristne og lite arbeid. Det som er nødvendig, er nokre vaksne som brenn for å gi barna det beste. Så tilbyr Awana Norge kurs som utrustar leiarane og materiell som kan hjelpe dei og det enkelte laget til å nå barna med evangeliet. Og målet er at barna skal bli trygge og grunnfeste i trua på Jesus slik at dei vil bli hos han livet ut.
Ved utgangen av 2018 er det starta Awana-lag på Blindheim, Emblem, Vigra og Ulsteinvik.

## BARNEGOSPELFESTIVALEN

I 2018 var 55 born og 17 leiarar samla på Brusdalsheimen til Barnegospelfestival, helga 20.-21.januar. Born og leiarar som deltok var frå desse kora: Tusenfryd frå Emblem, Vigra YA-kor, Spiren frå Blindheim, SingIt frå Ellingsøya og Giske barnekor. Årets instruktørar var Kari Aske Osnes frå Ulsteinvik, som hadde med seg 8 jenter frå sanggruppa LaKris. Kari Aske Osnes har sjølv laga mange songar, der teksta har utgangspunkt i tekstar frå Bibelen.

Det vart mange timar med øving, mange sangar skulle sitte godt til søndagens avslutningsmøte. Det var mykje nytt stoff, men barna var med frå første til siste stund, og det var utruleg mange sangtekstar som vart innøvd i løpet av desse to dagane. Men det var også gode pausar med tid til å vere saman og bli kjent med nye. Laurdag kveld hadde leiarane eiga samling, medan barna kosa seg på leirfest.
Søndag var det familiesamling på Blindheim bedehus der det store festivalkoret fekk framføre dei innøvde songane. Ei flott oppleving for både deltakarane og tilhøyrarane, ei samling der mange av barna sine familier kom, men også nokre andre som ville få med seg ein fin konsert. Barnegospelfestivalen opplever vi som viktig og ønska, både med tanke på at korleiarane får møte andre med same engasjement, men også at borna får ei helg med fokus på å lære nye songar og å bygge tru og venskap. Tusen takk til de som var med og gjorde dette til ei flott helg.



## KonFu

KonFu er vårt konfirmantarbeid som vi har saman med NLM Region Nordvest, Misjonssalen Ålesund og Emblem Bedehusforsamling. Dette er et tilbod for dei som ynskjer å konfirmere seg i ImF eller NLM sin regi, eller for dei som ønskjer seg eit supplement til den undervisninga dei elles får i andre samanhengar.
Våren 2018 avslutta vi eit konfirmantår med 33 konfirmantar, dette er det største konfirmantkullet vi har hatt nokon gong. Av desse var det 12 som konfirmerte seg på Emblem bedehus og ein på Skodje bedehus. På Skodje bedehus var det ImF-UNG Sunnmøre som sto for konfirmasjonen i samarbeid med den lokale forsamlinga. Hausten 2018 starta vi med eit nytt kull på 18 konfirmantar. Vi er både stolte og veldig takknemlege for KonFu og for den moglegheita det gir oss til å forme konfirmantane i ei veldig viktig tid i livet der ein tar mange val. I tillegg får vi bli kjent med konfirmantane og bygge relasjonar med dei, noko som er svært viktig og verdifult! KonFu er eit flott arbeid og eit flott tilbod som vi er stolte av å kunne tilby.

## NATT TIL 1. MAI GOSPEL

Også i 2018 var vi med på arrangementet «Natt til 1.mai-gospel», som er på Blindheim bedehus kvelden den 30.april og varer ut i natta den 1.mai. Det var ei fin samling med eit bedehus fullt av ungdommar. Talaren denne gangen var Alexis Lundh frå Tro og medier og Bjørn Inge Furnes Aurdal var med i bøn og utsending av Krussen. Respons, Ålesund Soul Teens og UFO-bandet bidrog alle med innslag denne kvelden. Lovsangsteamet var frå Vestborg. Dette arrangementet er i samarbeid med Blindheim bedehus og Blindheim Y.

## PIT-STOP

19.-21. oktober arrangerte vi Pit-Stop, denne gangen var det i Misjonssalen. Temaet for helga var «Hellig» og talaren var leiar for ImF-UNG, Andreas Evensen. I tillegg hadde Nikolai Sundklakk seminar om «Bibelens troverdighet» og Eika, Jessica og Luis Ricardo frå NMS U hadde seminar om «Kva er viktig? – Historier frå verden». Det var flott lovsang gjennom helga. Dei som bidrog på Gospelnighten var Respons, UFO-bandet og BlesSing, og det var appell ved Liv-Margrethe Muren Ulvund. Pit-Stop er eit samarbeid mellom ImF-UNG Sunnmøre, NLM Ung Nordvest og den forsamlinga eller bedehuset som er arrangør for året. Takk til Misjonssalen som stilte med hus og la det praktisk til rette. Vi sette også stor pris på alle dei frivillige som var med på å gjere det til ei så flott helg!

## EKTESKAPSWEEKEND

26.-28.januar arrangerte ImF-UNG Sunnmøre ekteskapsweekend på Thon Hotel Fosnavåg. Jarle og Karina Waldemar var med og underviste. Tilsaman var det 13 påmeldte par, både nygifte par og ektepar som hadde vore gifte i mange år.
Helga starta fredag kveld med eit godt måltid, undervisning og filmkveld. Undervisninga fortsette på laurdag med ulike tema. Det var sett av tid til paroppgåver og samtale med ektefellen mellom undervisninga.
Felles måltid ga anledning til å vere sosiale og bli kjende med dei andre, så var det også lagt opp til overnatting til søndag sjølv om undervisninga var avslutta laurdag kveld. Ekteskapsweekenden opplevde vi som viktig og ønska, og vi tek sikte på å arrangere liknande helg seinare.

## LEIARKONFERANSE

13.-14.april var om lag 60 personar samla på Brusdalsheimen til Barne- og ungdomsleiarkonferanse.
Dette er eit samarbeid mellom ImF-UNG Sunnmøre, NRI-Ung og ImF-UNG. Vi hadde med oss mange gode foredragshaldarar, både lokale og frå ImF-UNG sin stab. Andreas Evensen hadde bibeltimar, ellers var desse med: Helge Åkernes (Fra hobby til selve livet – om gleden i tjenesten),



Anne Lene Otterøen (Awana), Trond Pundsnes (Awana), Otto Dyrkolbotn (Se den ene), Bjørn Inge Furnes Aurdal (Relasjonsbygging med ungdom). Ei nyttig og fin samling for dei som hadde prioritert denne samlinga. Det er både fagleg påfyll og inspirasjon til å stå i arbeidet for barn og unge på heimplassen.

## BUR

Ny instruks for BUR vart vedteke av styret i Sunnmøre Indremisjon våren 2018, og i løpet av hausten hadde 4 personar sagt ja til å vere med i BUR. Desse er: Ruben Austnes (leiar), Anette Bjørge, Maria Folde og Miriam Holene. BUR skal vere eit rådgivande organ. BUR skal bidra, saman med dei tilsette, for at arbeidet vi driv og samarbeidet med dei lokale laga skal vere tenleg og godt for barn og unge på Sunnmøre

## Imfung-sunnmore.no og Facebook

Målet vårt er å være til stades på nett og oppdatere nettsida slik at det ofte er noko nytt og aktuelt å sjå på sida vår. Vi prøver å legge ut nye saker, både ting som skal skje og glimt frå arrangement vi har hatt. Påmelding til leirane skjer også via nettsida imfug-sunnmore.no.
Vi er på Facebook og har ei eiga side som heiter ImF-Ung Sunnmøre og som har ca 520 følgarar. Der legg vi ut oppdateringar om ting som skjer, leirar, arrangement med meir. Her kan den enkelte hjelpe oss med å få ut informasjon, ved å dele, like eller kommentere det vi legg ut, slik at det når fleire.

## FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

For at vi skal klare å gjennomføre leirar og arrangement for barn og unge er vi avhengige av frivillige medarbeidarar. Det har vore, og vil nok framleis vere, ei utfordring å få leiarar og medhjelparar til alle samlingane vi har ansvar for. Vi trur det er mange rundt om på Sunnmøre som ser at både leir og barneopplegg på samlingane våre er viktig, og som gjerne kunne bidra ei helg eller ein søndag for at vi skal få gode samlingar for barn og unge. Kan DU tenke deg å bidra, hadde vi sett stor pris på at du sende oss ein mail eller tok ein telefon

## TAKK

Vi i ImF-UNG Sunnmøre vil rette ein stor takk til alle frivillige som er med i barne- og ungdomsarbeidet rundt om på Sunnmøre. Takk til alle lagsleiarar, leirleiarar og støttespelarar. Og takk til alle som er med som leirleiarar og medhjelparar på arrangement i regi av oss i ImF-UNG Sunnmøre. Utan frivillige hadde det ikkje vore så mykje aktivitet i form av leirar og større arrangement.
Takk til alle som støttar oss økonomisk. Det er både enkeltpersonar og lag som bidreg med gåver, vi set pris på kvar ei krone som kjem inn. Takk for anledninga til å få lov å spreie den gode bodskapen på heiltid.
Til slutt vil vi takke alle som ber for ImF-UNG Sunnmøre. Det set vi stor pris på, det er med å bere arbeidet og medarbeidarane, og er ei viktig og verdifull oppgåve for den enkelte som ser verdien av kristent arbeid blant barn og unge.
TUSEN TAKK til alle som støttar oss på ulike vis!

imfung SUNNMØRE



# Brukt og Nyttig

Så kan vi markere eit lite jubileum for dette tiltaket vårt. Femte driftsåret ligg no bak oss. Vi kan nok ikkje melde nokon ekspansjon for butikken. Det går mykje på det jamne. Første året vart meir ein «pangstart», sidan har det jamna seg ut. Salsinntektene dei siste fire åra har lege mellom kr. 368000 og kr. 374000. Overskotet i snitt kr. 190.000,- Men vi har då kunne overføre over 1 million kroner til barne- og ungdomsarbeidet. Ikkje dårleg det!

Den sosiale effekten kan også merkast. Dei mange trufaste medarbeidarane, 26 personar, koser seg på «Brukten» som dei kallar den. Kundane har berre godord å melde.

Kanskje salet kan auke utover? Kundar frå Alnes og Godøy har stort sett vore fråverande siste året på grunn av kommunikasjonane. Vi får berre stå på for ei god sak.

Styret for siste året var vore som før. Irene Krokeide Alnes (Alnes), Solbjørg Austnes (Godøy), Annlaug Valderhaug (Valderøy), Åse Røsvik (Vigra), og Kjell Furnes (Giske).

*Kjell Furnes*

## BRUKT OG NYTTIG VALDERØYA

**Tirsdag kl.11.00 -16.00**

**Torsdag kl.11.00 -16.00**

**Laurdag kl.11.00 -15.00**

*Velkommen innom !*

- Pene ting blir stadig lagt fram for salg!



# Brusdalsheimen

Då er det tid for å ta et tilbakeblikk på året 2018. Eit år med bra aktivitet, sjølv om vi skulle ønske at det var fleire leirar, fleire deltakarar, og at det var fleire som ville stille som leiarar når dei får spørsmål frå ImF-UNG Sunnmøre. Leirarbeid er det som Brusdalsheimen var tenkt til, og det viktigaste arbeidet for oss tilsette. Treng vi leirplassar om vi ikkje kan arrangere leir?

**Arrangement i 2018:**
- 4 minileirar + barnegospelfestival
- 3 leirar for 5. - 7. klasse
- 1 leir for 5. - 7. klasse blei avlyst

I tillegg har vi mannshelg, kvinnehelg, 60+leir og PU-treff
Det er mange andre som brukar Brusdalsheimen til helge-arrangement og enkeltdagar, med kurs eller foreiningstreff og liknande.

- 4 konfirmasjonsleirar
- Årsmøtehelg for muslimmisjon og Israelsmisjon
- Lederkonferanse for IMF
- "Søskenleir" for Helse Møre og Romsdal
- Kursdagar for BUF-etat, Ålesund kommune, Møre skulane og Helse Møre og Romsdal
- Åremålsdagar, bryllaup, konfirmasjonsselskap, barne-dåpsselskap, minnesamvær, skuleturar, førjulsfestar/jule-middagar og menighetsturar, m.m.

Stemnedag - Kristi Himmelfartsdag, her var det mykje folk, det var ca. 150 personar som åt middag. Dette har blitt en flott tradisjon med gode tilbakemeldingar.

**Båtlotteriet,** gav oss et godt resultat til fordeling. Vi ser at det blir stadig tyngre å få loddselgarar og fleire bygder som ikkje kan ta imot båten, difor har vi bestemt oss for at det ikkje vert fleire båtlotteri på ei stund. Båtlotteriet var ei god marknadsføring for leirplassane våre som vi no mister.



**Julemarknad,** 23. - 24. nov, var ute i Vikakroken i strålande vinterver, god stemning og brukbart sal. Vi hadde ein god del sal i etterkant også, dette gav oss eit like godt resultat som i 2017 ca. kr 130 000,-

**Vedlikehald.**
"Dotanken" ein ståltank frå 1974 takka for seg. Dette blei eit stort prosjekt, men like før jul kom en ny og større tank på plass.

**Økonomi,** her vil vi berre vise til rekneskapen.

**Styret.** Jan Ivar Stokseth - formann, Per Arne Furnes - nestformann, Karianne Steffensen - sekretær, Helen Ulla Langlo – styremedlem, Gerd Behrentz - 1.vara og Karoline Starheimsæter - 2.vara. Første halvår var det Solfrid Riise som var einaste vara.

**Takk:** Vil vil enda ein gong takke for all forbøn, økonomiske gåve og andre bidrag. Takk til styret vårt for styrearbeid og all praktisk hjelp. Takk til alle som stiller til dugnad på forsk-jellige arrangement, vasking og hjelp ute og inne. Stor takk til alle som gjer seg nytte av Brusdalsheimen på forskjellige måtar!

*Hilde og Arvid Lukkedal*

## Arrangement 2019 Brusdalsheimen

**Stemne,** 30.mai

**Jenteleir,** 21.-24.juni

**Gutteleir,** 27.-30.juni

**60+ LEIR,** 19.-22.august.
Talar: Anbjørg Barane

**Inspirasjonsdagar for kvinner**
18.-19.oktober

**Julemarknad i Vikakroken**
22.-23.november

# Orreneset Misjonssenter

**Orreneset** har lagt bak seg eit godt og aktivt år. Den største forandringa i år er på dei tilsette: Hans Høydalsvik slutta i juni som vaktmeister, stor takk til han for alle åra han brukte på Orreneset!! I juni tilsette vi også ein ny medarbeidar: Sondre Bårnes begynte som vaktmeister og kokk.
Fleire faste stillingar, betyr betre kapasitet, så vi har begynt med catering for å få større inntekter. Vi har også gjort mykje vedlikehald dette året.

**Bemanning:** Anbjørg Kvam Bårnes 100% stilling som dagleg leiar.
Hans Høydalsvik, vaktmeister inntil 20% fram til juni.



Sondre Bårnes 100 % stilling som kokk og vaktmeister frå 15. juni.
Signe Bjørnestad gjekk over til å være dugnadshjelp ved årets slutt, Ellen Brautaset Vatne er «fast dugnads kokk», 1 elev frå Vestborg og 2 ungdommar frå Sykkylven har nokre jobbehelger.

**Styret:**
Sigurd Nybø -formann, Anne Helen Ørjavik -nestformann, Sigmund Valbø -sekretær, Lasse Molnes -styremedlem, Jarle Fausa -styremedlem, Linda Austnes -1. vara.
Krinsstyret har ikkje representant på grunn av permisjon frå i haust.
Styret hadde 3 møte og behandla 22 saker. Nokre saker blei fulgt opp via epost.

**Belegg:** Gjestedøgns-statistikken viser ein auke på 496 frå i fjor, mens dagsbesøk – det innbefattar også selskap, er stabilt, men har gått ned ein god del i løpet av nokre år. To 10 – 12 årsleirer har godt frammøte. To familieleirer i påska for organisasjonane i Ulsteinvik og ImF Sunnmøre. Forsamlingar har også arrangert familieleir. Konfirmantgruppene er stabile og store. Fleire Frikyrkje har store familiehelgar. Skulane til ImF Sunnmøre og andre folkehøgskular er her årleg. Våre eigne arrangement: Jonsok, Orrenesstemnet og kvinnehelga var godt besøkt. Vi hadde fleire ganske store sjølvhushaldarrangement i år.

## Statistikk for gjestedøgn og dagsbesøkende 2018:

| | Antall | Gjestedøgn | Dagsbesøk |
|---|---|---|---|
| **Sunnmøre Indremisjon** | | | |
| Leir | 3 | 328 | |
| Orrenesstevne, stabstur | 2 | | 260 |
| SI andre | 8 | 934 | |
| Selvhushold SI | 1 | 87 | |
| **Totalt SI:** | | **1349** | **260** |
| | | | |
| Kristne org /menigheter: | 12 | 1754 | |
| Selskaper/servering/kurs | 5 | | 187 |
| Overnatting, selskap | 2 | 48 | |
| Andre: korps, skoler | 6 | 332 | |
| Selvhushold, dagstur/selskap | 6 | | 222 |
| Selvhushold, m/ overnatting | 8 | 1691 | |
| **Totalt annen utleige:** | | **3825** | **409** |

**Totalt gjestedøgn: 2018: 5174**
**Totalt dagsbesøk: 2018: 669**

| | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Gjestedøgn:** | **5174** | **4678** | **4198** | **3709** | **4407** | **4108** |
| **Dagsbesøk:** | **669** | **653** | **735** | **829** | **1048** | **1121** |

## Vedlikehold og reparasjoner:

**Bygningar/reparasjonar:** Ny vegg med kjøkkenluker, 2 nye bad på loftet vart bygde opp. Toalett, TV stue og vegg i matsal vart malt.
**Reinseanlegg/renovasjon:** Her er blitt større utgifter etter kvart på grunn av krav til levering og prøvetaking og serviceavtale.
**Uteområde:** Ein del rydding av småskog.
**Traktor/bil:** EU godkjenning og service av bil.
**Investeringar/vedlikehald utstyr:** Ein del små innkjøp av utstyr og tilrettelegging for nytilsatt, omtrekking av hjørnesofa på grunn av slitasje, nytt høgtalaranlegg.

**Økonomi:**
**Lotteriet:** Båtlotteriet gav 115 000 kr
**Gåveinntekte** til Orreneset utanom lotteriet var i år: 169 315 kr.
**Testamentarisk gåve:** Vi har brukt 279 572 kr til oppussing og nyinnkjøp i år. Gåva står ført med ca. 100 000 kr.
**Resultat** før avskrivinga: - 54 797 kr. Vi har økt avskriving mykje på grunn av bilen si avskrivningslengde innan den er 10 år.
**Årsresultat:** kr. - 155 106 kr
På grunn av at båtlotteriet no er redusert og kanskje ute, og gåveinntektene er litt synkande for kvart år, har vi gått opp litt ekstra på døgnprisane for opphald.

**Takk:** Styret vil med dette takke alle som bidreg til at Orreneset er ein god plass å kome til. Takk til tilsette og dugnadsfolk som held senteret gåande.
Må Guds velsigning få kvile over plassen og våre gjester.
Velkomen til Orreneset!

**Styret:**
Sigurd Nybø
Anne Helen Ørjavik
Jarle Fausa.
Sigmund Valbø
Lasse Molnes
Linda Austnes
Anbjørg Kvam Bårnes – representant for Orreneset

*Orrenesstemne*
**søndag 25.august**
**Møter kl. 12 og kl. 15**

# Plussreiser AS

Plussreiser driver sin virksomhet som turoperatør ved salg og formidling av turer i inn- og utland. Selskapets hovedkontor er i Spjelkavik i Ålesund kommune, med avdelingskontor i Kristiansand og Stavanger.
Plussreiser er den største leverandør av Kristne feriereiser i Norge. Omsetningen var i 2018 på 80,3 mill.
Selskapet fikk i 2018 et underskudd på 647.571.
Underskuddet dekkes av et konsernbidrag fra Plussreiser Holding AS på 500.000,- og resten av egenkapitalen.
Egenkapitalen pr. 31.12.18 var på kr. 4.751.741,-
Gjester kommer fra hele Norge. Vårt mål er å stadig få nye gjester til å reise med oss, samtidig som vi ønsker å beholde våre stamgjester. Våre gjester velger Plussreiser fordi de får et bedre tilbud enn det de selv kan få ved å planlegge og bestille reisen i detalj selv. De får reiseledere som ordner opp praktisk, viser omsorg og er en leder i det sosiale fellesskapet på turen. På de fleste av turene får de også Guds ord forkynt, mange av turene med egen forkynner. Som alternativ starter eller slutter mange av dagene på tur med et andaktsord. I Plussreiser er vi stolte over å kunne tilby gjestene noe mer enn ferie.

**Administrasjon**
Plussreiser har en faglig dyktig og arbeidsvillig stab.
De gjør en stor innsats for selskapet.
Plussreiser hadde ved utgangen av 2018 følgende ansatt: Aud Kindervåg Halsne (daglig leder), Kurt Andrè Henriksen, Steinar Kristiansen, Gerd Standal Volle, Corina Klokk, Liv-Hilde Ervik Hellevik, Julie Hellevik, Mona Nordstrand, Sissel Stokset, Kjell Harald Otterlei, Odd Arne Berge, Øyvind Sæthre, Harry Wiig Andersen, Geir Sandvik, Hildegunn Sørhaug, Evy-Gunn Knotten, Signe Solås, John Edvard Olsen, Øystein Ramberg og Ariel Frøytland. Frida Baade var lærling i selskapet.
Administrasjon er inndelt i tre enheter. Det er Israel/USA, Europa og Eksotisk. Enhetene er geografisk orientert og alle tilbyr både ferdigsydde påmeldingsturer og skreddersydde gruppeturer hvor kunden selv bestemmer turens innhold.

**Salg og markedsføring**
I løpet av dette året har mer enn 7000 gjester reist med selskapet.
Det ble gitt ut to kataloger i 2018, én for vår & vinter og én for sommer & høst. Her fant kundene den velkjente inndelingen med turer i kategoriene «Kristen bussferie», «Bibelferie i syden», «Israel», «Opplevelsesreiser» og «Eksotiske turer».
Vi har en forholdsvis ny nettside der kundene selv kan bestille sin reise. Denne har blitt godt tatt imot i markedet. Det tilbys fortsatt påmelding via telefon eller på andre måter.

**Oberammergau**
Pasjonsspillet i Oberammergau blir fremført hvert 10`ende år og over 500.000 mennesker er forventet til denne lille byen i perioden mai-oktober`20. Selv om det er langt frem så har vi i løpet av 2018 laget og presentert nærmere 40 turer, og salget har startet. Mange av turene er allerede fulltegnet.

**Visjon**
Vår visjon er å gå med: ”Guds Ord til feriefolket”. Vi ønsker å gi det norske folk et tilbud om ferie i kristen regi, en ferie hvor Ordet forkynnes til frelse, oppmuntring og tjeneste!

**Eiere**
Plussreiser AS er 100% eid av Plussreiser Holding AS, som igjen er eid av: Sunnmøre Indremisjon (39%), Indremisjonsforbundet (19%), Normisjon (19%), Det Norske Misjonsselskap/Manova 19%, Nordmøre og Romsdal IM (2%), Indremisjonssamskipnaden (2%).

**Styret**
Styret har i 2018 behandlet 36 saker og bestod etter generalforsamlingen 16. april av:
Karl Arne Austnes (styreleder), Per Ørjan Aaslid (nestleder), Bjørn Tunheim, Vigleik Brekke, Svein Bjarne Aase, Anna Sæter. Varamedlemmer var Lovise Strømme Strand (1. vara), Ragnar Ringvoll (2. vara) og Arild Ove Halås (3. vara).

På Generalforsamlingen 16. april gikk Ragnar Ringvoll ut av styret.

*Karl Arne Austnes*
*Styreleder*

*Aud Kindervåg Halsne*
*Daglig leder*



# Vikakroken AS

Vikakroken AS er et aksjeselskap som eier forretningseiendommen i Vasstrandveien 1 i Spjelkavik. Leietagere i Vasstrandveien 1 er: Plussreiser, Sunnmøre Indremisjon, Sunnmøre Begravelsesbyrå, Radio Sunnmøre. Vika-Kroken AS har ingen ansatte, kostnadene til den daglige drift og ledelse ivaretas og faktureres fra Plussreiser AS.
Vika-Kroken AS eies av Sunnmøre Indremisjon 48%, Indremisjonsforbundet 24%, Normisjon 24%, Nordmøre og Romsdal Indremisjon 2%, Indremisjonssamskipnaden 2%
Selskapet hadde i 2018 en omsetning på kr. 494.120,-
Selskapet hadde i 2018 et underskudd på kr. 79.197,-
Hovedgrunnen er ekstraordinært vedlikehold av uteplassen med asfaltlegging og nedlegging av varmekabel i fortau. Underskuddet ble dekket av egenkapital.
Egenkapitalen pr. 31. desember 2018 er kr 3.567.262,-
Styret i Vika-Kroken AS bestod etter generalforsamlingen 16. april av: Bjørn Tunheim (styreleder), Karl Arne Austnes og Svein Bjarne Aase. 1. vara ble Ragnar Ringvoll.

*Bjørn Tunheim*
*Styreleder*

*Aud Kindervåg Halsne*
*Daglig leder*




# Daggry Barnehage

Daggry Barnehage har dette året hatt 73 barn fordelt på 4 avdelinger, 2 avdelinger for barn 1-2 år, og 2 avdelinger for barn 3-5 år.

I personalgruppa er vi tilsamen 24 personer, fordelt på 19,9 stillingar, inkl assistenter som arbeider særskilt på barn med særskilte behov. Personalet har avdelingsmøter kvar veke, leiarmøter annankvar veke, og personalmøter på kveldstid kvar månad. Det vert satsa mykje på kvalitetsutvikling, både i forhold til det faglege innhaldet, trivsel og arbeidsmiljø, og personleg utvikling, og vi deltek på fleire kurs gjennom året.

Vi set stor pris på godt samarbeid med eigar, og sjølv om vi oppheld oss i ei anna kommune, så merker vi at eigar ynskjer å ta godt vare på oss.
Giske kommune har vi det næraste samarbeidet med, særskilt med barnehagekonsulent og dei andre barnehagane, både gjennom faglege prosjekt, kurs, styrarmøter, nettverk, tilsyn, m.m.
Vi er PBL barnehage (Private barnehagers landsforbund), her har vi tariffavtalen vår, forsikringer, pensjon, bedriftshelseteneste og HMS-system. PBL gir oss god støtte på alt av regelverk, arbeidsmiljø, fagleg, og andre områder.
Personalet legg stor vekt på det viktige samarbeidet med foreldra, gjennom foreldremøter, i brukarundersøkjing, foreldrekonferanser, dugnad, julefest, sommarfest, foreldrekaffi, påskefrukost, og dagleg kontakt i bringe- og hentesituasjoner. Kvar månad vert ”Daggry-posten” og månadsplaner for kvar avdeling, sendt ut til foreldra. Vi har også heimeside, og facebook-gruppe der vi når foreldra med informasjon.
Når det gjeld samarbeid med andre etater, så har vi samarbeidsprosedyrer med PPT, helsestasjon, barnevern, og barneskulen i samband med barn som skal over frå barnehage til skule.

Kvart år skal det lagast ein årsplan, og den er bygt på Barnehagelova, Rammeplan for barnehagen, Kvalitetsplan for oppvekst i Giske kommune, og vedtektene for Daggry. Hovudmålet for drifta av barnehagen er å gje barna gode utviklings- og aktivitets-tilbod. Barnehagen skal i nær forståing med borna sine heimar hjelpe til med å gje barna ei oppseding i samsvar med dei kristne grunnverdiane.
Barnehagen sin viktigste profil utad, er at det er ein kristen barnehage, og innhaldet er prega av det.
Visjonen vår er: ”Daggry barnehage -med Guds kjærleik til barna”, og det kristne innhaldet i barnehagen er godt integrert i kvardagsaktivitetane, Barnehagen har også sitt eige barnehagekor, der alle barn og voksne er med.

Leik og livsmeistring er satsingsområdet vårt i ein 4-årsperiode. Vi jobber med identitet, vennskap, samspel og fellesskap i barnegruppa. Barna skal lære haldningar og verdier som trengs for å fungere i eit fellesskap og eit samfunn. Det handler om å ta vare på kvarandre, vise empati,





omsorg, ansvar og respekt. Vi nytter naturen mykje som opplevings- og lærings-arena, der det er fokus på leik, undring og utforsking.

Daggry er med i eit stort 3-årig utviklingsarbeid som går på leiing og implementering av ny Rammeplan, saman med barnehagar i Giske og Sula kommune. Her jobber vi med praksisen vår, for å forbetre kvaliteten og rutinene. Vi har laga ei tidslinje med mål som vi skal jobbe mot, og tidsfrister på desse, frå 2018 – 2020. Denne heng godt synlig hovudinngangen vår, og ved utforminga har vi teke utgangspunkt i innhaldstreet i årsplanen, og fuglane som vi har i avdelingsnavna. Kvar fugl har eit mål i seg, og etterkvart som måla er nådd, så flyg fuglen frå marka og oppi treet. Måla i tidslinja er sett opp utfrå sentral handlingsplan, og vår eigen handlingsplan som er eit resultat av verksemdsanalyse. Kompetanseteamet «Ringer i vann» er rettleiarar for utviklingsarbeidet, og dei har leiardager og rettleiing for utviklingsgruppene i barnehagane og for styrarane i kommunen, kurs for heile personalet, og dei er også inne i kvar barnehage og rettleier. Vi har jobba særskilt med verdigrunnlaget og barnehagens profil utad siste året, og held no på å få ferdig eit verdihefte for Daggry, med kjerneverdier, barnesyn og pedagogisk grunnlag.




Vi deltek også i realfagsprosjekt i Giske kommune / UDIR. Her jobber vi med grunnlaget i matematikk og naturfag gjennom fagområda i Rammeplanen. Dette året har det vore fokus på naturfag, og her har vi eit spennande samarbeid med Atlanterhavsparken.

All læring i barnehagen skal skje gjennom leik, opplevingar og utforsking, det er tverrfagleg læring, og barna skal få lære med heile kroppen og alle sanser, dei skal få leike inn det grunnlaget dei treng til å kunne meistre livet sitt vidare på ein god måte. Barnehagen er rekna som det første steget i utdanningsløpet.

Når det gjeld økonomi, så har barnehagane i Giske veldig trange budsjett, og det er så og seie umuleg å drive med overskudd. Vi har stort lån i Husbanken på den nye barnehagen vår, der renter og avdrag også skal ha plass i budsjettet. For 2018 har vi derfor eit negativt resultat på kr 172.329,- Men vi har ei sak med uteståande betaling på kr 125.000,- som no går til inkasso, og når vi får inn desse midlane så vil resultatet sjå mykje betre ut.



**Styret og Samarbeidsutvalet for barnehagen hausten 2018**

| | | |
|---|---|---|
| Eigar: | Anders Bjørnerem - leiar | styret og SU) |
| | Hans-Louis Valderhaug | (styret og SU) |
| | Randi Fagerhol Lauvås | (styret og SU) |
| Personale: | Marte Tolo Skjong | (styret og SU) |
| | Anita Ytterland | (styret og SU) |
| | Kari-Lise Nordstrand – styrar | (styret og SU) |
| Foreldre: | Mari Bjørdal Rørstad | (SU) |
| | Elisabeth Mulelid Nordstrand | (SU) |

Det vart halde 5 møter i styret og samarbeidsutvalet i 2018.

*Kari-Lise Ose Nordstrand*
*-styrar ved Daggry barnehage*

# Ålesund Folkehøgskole

## ELEVSITUASJONEN:

Våren 2018 fullførte 91 elevar, hausten starta vi med 115 elevar. Det er gode tider for folkehøgskulane. Namneskiftet og andre tiltak gjer at vi opplever å vere godt synleg mellom dei andre folkehøgskulane. Sjølv i høve til rekordhausten 2018 ser søknad for hausten 2019 ut til å gje ein oppgang. Aldersgrensa er 18 år og nesten alle elevar kjem frå fullført vidaregåande skule.

## PERSONALET:

Personalet har gjort ein stor innsats gjennom året, og vi vil takke kvar enkelt for medeigarskap og god innsats. I år har det kome til fleire nye tilsette: Helene Indrebø, miljøarbeidar butreningsline, Martha Gravås Eggehorn, også miljøarbeidar, Inger Skjong, reinhald og kjøkken, og Rune Abelseth, driftsleiar. Helga Birgisdottir har takka av, assistentstillingane knytt til leiartreningsprogrammet vårt har gått videre til nye andreårsstudentar. Oppbemanninga av miljøarbeidarar til butreningslina var sett på vent i 2017, men no fekk vi dette på plass. Velkomen i arbeidsfellesskapet alle nye, vi opplever kvar enkelt som ei velsigning for skulen.

## BYGNINGAR OG INVESTERINGAR:

Det har blitt investert for 1,021 millionar kroner ved Ålesund folkehøgskole i 2018. Lausøyre står for kr 335 000, bygningane har fått kr 285 000 og namneskiftet med nye varige identitetsprodukt har fått kr 408 000 av summen.

## ANNAN BRUK AV LOKALA:

Totalt for anna verksemd var det for 2018 ein omsetnad på 2,89 millionar kroner. 2017: 3,02 mill tilsvarande 4,3% nedgong. Nedgongen kjem på servering ved arrangement på huset. Vi hadde få større arrangement med overnatting ved skulen gjennom året. Catering og sommerhotell har fin auke. I summen ligg også utleige av skolekjøkken



og Borghall til Møre ungdomsskule. Festsalen blir leigd ut til Spjelkavik kyrkjelyd til Gudstenester og Sunnmøre Indremisjon nytter festsalen til samlingar.

## INNHALD OG KRISTEN SKOLE:

Ålesund folkehøgskole skal være ein møtestad mellom indremisjonsbevegelsen vår og all ungdom som ønskjer å gå her. Vi skal vere best mogleg til Å GI UNGDOM EI REISE FOR LIVET. I denne visjonen ligg tre dimensjonar; bygd på livsglede skal skoleåret være ei indre personleg reise, ei sosial reise saman med andre og ei reise ut i verda – ut i det ukjende.

Skulen gir eit bredt fagtilbod gjennom ei mengd valfag, nokre fellesfag og 11 reisemålsfag. Vi held fast på ein identitet som reiseskulen mellom folkehøgskulane. Vi er kristen skule med 170 andakter for alle elevane gjennom eit skuleår.

I år vil vi spesielt trekke fram onsdagsmøtet. Dette er ei samling med godt oppmøte, elevane førebur songar og øver i lovsongsgruppe – til kvart møte. Vi får gode forkynnarar både frå IMF og andre forsamlingar i byen vår. Elevane trivast, dei likar å ligge ved lyskorset etterpå, somme tek



opp spørsmål dei er opptekne av, for andre er det godt å berre vere der. Vi gler oss over at skulen får vere varmestasjon og fyrtårn, midt i ein ungdomskultur og at ungdommane gjer seg nytte av det tilbodet vi gir.

Arbeid med prisinnretning, innhald, kvalitet og marknadsføringsmateriell gir resultat; også ved dette nyttåret kan vi notere auka søknad til skulen vår, sjølv overfor rekordsøknaden vi fekk i fjor vår. Vi gler oss over dette.

## ØKONOMI:

Revidert rekneskap for 2018 viser eit årsresultat med underskot på kr 446.518 når finanspostane er rekna med. Det var budsjettert med kr 357 000 i underskot ut frå lågt elevtal våren 2018. 2017 gav overskot på kr 127 714,- og i 2016 hadde vi eit overskot på kr 1 008 851,-. Skulen si langsiktige gjeld utgjer no kr 32 968 418,- (2017: kr 34 981 422,-). Omsetninga auka frå 26,7 mill. til 27,5 mill. frå 2017 til 2018.

## RAPPORTERING OG SJØLVEVALUERING

Våren 2018 leverte vi sjølvevalueringsrapport om utvikling av elevsamtalen. Gjennom året får alle elevane tre oppfølgingssamtalar med sin hovudlærar. Dette er ein viktig del av den utviklingsprosessen skulen legg til rette for overfor kvar elev.

## STYRET:

Frå eigarane: Rigmor Andersen Eide – styreleiar, Jostein Morits Molvær – nestleiar, Arild Austnes, Håvard Nybø og Hildegunn Fylling. Vararepresentantar: Oddbjørn Brunstad,



Erna Løkkeborg. Rektor: Sven Wågen Sæther. Frå dei tilsette: Robert Botn. Vararepresentant: Oddgunn Ervik. Frå elevane: Ingrid Fevang (vår) og Håvard Lockert (haust). Odd Christian Stenerud vart takka av som styreleiar på årsmøtet etter mange års trufast teneste.

## TAKK:

Skulen er takknemleg til alle som har vist trufast støtte og vore med oss i bøn for året som gjekk. Følg med oss på nettsida og i sosiale media, be for oss og bli glad i skulen din som ditt ungdomsarbeid.

*Rigmor Andersen Eide - styreleiar*
*Jostein Morits Molvær - nestleiar*
*Håvard Nybø*
*Arild Austnes*
*Hildegunn Fylling*
*Robert Botn – tilsettrepr.*
*Håvard Haugen Lockert – elevrepr.*
*Sven Wågen Sæther – rektor*



# Møre Ungdomsskule, Ålesund

Våren 2018 tok vi avskjed med det 21.elevkullet på Møre ungdomsskule. Det er med stor takk-semd vi tenkjer på alle elevane som sidan 1996 har vore innom skulen vår.

Møre Ungdomsskule ønsker at dei kristne verdiane skal kome tydeleg fram i vårt arbeid med å utruste ungdomane til å møte livet og framtida, bli sjølvstendige og ta ansvar for seg sjølve og sine medmenneske. Dette skal prege skule-kvardagen vår.
Ver med og be om at Gud må bruke det vi som arbeider her gjer, og får vere for elevane våre i skulekvardagen!
Vi er heldige som får representere eit alternativ i skule-landskapet og får ha dei kristne grunnverdi-ane som rette-snor.
Vi har både rett og plikt til å synleggjere det kristne verdi-grunnlaget vårt i fagplanane og i den faglege tilrettelegg-inga.

## Misjonsprosjektet

Kvar år i januar har vi eit veke der vi har fokus på misjon. Dette er eit av prosjekta våre der vi konkret kan få vere med å vise at vi øsnker at andre rundt oss skal ha det bra og der vi lærer om ulike måtar å drive misjon på.
Dette året var fokuset på Ungdom i Oppdrag og eit spen-nande prosjekt med eit hospital-skip som hjelper menneske i Papua Ny-Guinea. Prosjektet hadde og ei lokal tilknytning gjennom kapteinen på skipet;- Jan Oskar Alnes (30) som kjem frå Godøya. Gjennom misjonsveka, familiefesten og misjonsløp vart det samla inn ca kr. 80 000,-
Misjonsprosjektveka er og ei veke der elevane vert delt i grupper på tvers av klasser. Derfor er det og ei viktig veke for skulemiljøet og bygging av fellesskap på tvers av klasser.

## Styret for Møre Ungdomsskule

Møre Ungdomsskule er organisert som ei stifting, og det er styret i Sunnmøre Indremisjon som vel medlemar til stiftin-ga sitt styre. Dei andre medlemmane i styret for skulen har uttalerett, men ikkje stemmerett.
**Styret for Møre Ungdomsskule har frå hausten 2018 vore samansett slik:**
Arild Ove Halås (leiar), Margunn Hasle Eide ( nestl.), styre-medlemmar: André Fiskerstrand, Turid Nordstrand Rødset og Arnstein Ørjavik.
Vara: Helge Dimmen og Berit Nyvoll.
Andre representantar: Ståle Heggset (foreldre), Jorunn Sundklakk (Ålesund komm.), Hege Klungsøyr (lærarar), Per Alnes (andre tilsette) og Olianna Johansson og Håkon Humblen (elevar).
Rektor : Signe Urtegård

Styret har i 2018 hatt 6 styremøter og handsama 50 saker. I samarbeid med dei to andre Møre-skulane og Molde friskule, arrangerte vi og i år kurs for styre-medlemmer der vi hadde besøk av Helge Vatne frå Kristne Friskolers For-bund.

Vi ynskjer å rette ei stor takk til kvar einskild i styret for det viktige og nødvendige arbeidet de legg ned for skulen!



## Elevane

Våren 2018 hadde vi 94 elevar og hausten 2018 var elev-talet 112. Ved elevtellinga 1. oktober 2018 fordelte elevane seg på slik på heimekommuner:
*Ålesund 87 elevar, Sula 16 elevar, Skodje 1 elev, Sykkylven 3 elevar, Giske 4 elevar og*
*Haram 1 elev.*
*Elevane fordelte seg slik: 10.klasse: 29 elevar, 9. klasse; 35 elevar og 8.trinn: 48 elevar.*

Skuleåret 2017/18 var det færre som takka ja til skuleplass. Dette var årsaka til at styret for skulen vedtok å ta inn to klasser også dette skuleåret. Dette utfordrar oss ekstra på plass for både elevar og tilsette også neste skuleår.

## Tilsette ved Møre Ungdomsskule pr. 1. august 2018:

**Lærarar:** Kjell Eivind Holmen, Eldbjørg U. Rønneberg, Øystein Engås, Heidi Fink, Ole Knut Giske, Per Gunnar Hamnøy, Trine Johansson, Karina Leine, Hege Klungsøyr, Sissel Vik Hjelle, Toril Fa-gerhol Nøstrud, Øystein Runde, Olav Sæbø, Gry Sæther, Rune Sæther, Robert Tron Tjom-lid, Synnøve Øye, Ragnhild Wold, Signe Urtegård
**Andre tilsette:** Per Alnes, Mona Husøy Lie, Jonny Hatlehol

Vi gler oss over elevar som i stor grad fortel om eit godt og trygt læringsmiljø, om vaksne som ser dei og bryr seg om dei.  Møre Ungdomsskule har eit velkvalifisert og engasjert personale som identifiserar seg med skulen si kristne mål-setting og som arbeider aktivt for at skulen skal bety noko godt og positivt både i opplærings- og danningoppdraget. Difor er det og all grunn til å takke eit samla personale for det store og viktige arbeidet dei utfører ved skulen vår!

## Læring

Vi har mange godt innarbeidde tradisjonar på skulen vår som er viktige for læring og læringsmiljø.

10.klassingane drog også denne hausten til Krakow der elevane m.a. besøkte Auswitch. Ein flott tur med mange sterke inntrykk. 8. og 9. klassingane var på overnattingstur på Orreneset. Ein god måte å bli kjende med kvarandre på tvers av klassetrinna. Den viktigaste jobben for å få til eit godt læringsmiljø er likevel den jobben som vert gjort kvar dag - i klasserommet. Dette er eit av fokusområda våre. Dette året har vi saman med dei andre ungdomsskulane i Åle-sund arbeidd med temaet relasjonar, både mellom vak-sne og elevar og elevane imellom. Vi møtast saman med dei andre i nettverk og får fagleg påfyll og får dele erfaring-ar med kvarandre på tvers av skulane.

Vi som er leiarar for Møreskulane og Molde Friskule møtast og jamleg gjennom skuleåret.
Dette skuleåret hadde vi og felles fagdag på Brusdalshei-men i august,for alle tilsette på «M&M»-skulane. Flott å samlast slik ilag og få dele det kristne fellesskapet, erfarin-gar og ha felles fagleg fokus.

## Møre Ungdomsskule og «vegen vidare».

Dette året har vi arbeidd mykje med planane for utbygging av skulen og utviding med barnetrinn.
Moldskred As har ansvar for byggeprosjektet og er godt igang med det arbeidet. Målsettinga er å starte opp med 1. og 2. klasse skuleåret 2020/21. Vi har og i denne pro-sessen hatt med oss ei byggenemnd som har vore med å gi gode råd og innspel undervegs.
Tusen takk til medlemmane i byggenemnda som har brukt ressursane og kunnskapen sin for Møre Ungdomsskule!

Frå hausten 2019 vonar vi å ha på plass ein person som kan arbeide med oppstart av barnetrinn.
Dette er ei satsing som vil vere eit stort løft for skulen og som vil gi oss store økonomiske utford-ringar i mange år framover. Men først og fremst er det ei mulegheit å gi nye elevgrupper muleg-heita til å gå på ein kristen friskule!



## Møre Ungdomsskule og «vegen vidare»

Våren 2016 fekk vi godkjenning av Utdanningsdirektoratet til å utvide drifta med barnetrinn.
Utgangspunktet for arbeidet er å utvide skulen med fådelt barneskule og to parallellar på heile ungdomstrinnet. Dette året har vi arbeidd med kva mulegheiter for utbygging vi har innanfor dei økonomiske rammene vi har, eit krevande prosjekt som vil vere eit stort løft for skulen og som vil gi oss store økonomiske utfordringar i mange år framover.

## Økonomi

Inntektene til skulen består av statstilskot, elevbetaling og tilskot frå kommuner til å dekke spesialundervisning. Elevbetalinga er 10 500,- pr. år Dersom søsken er elevar samtidig, betalar den eine full pris, elevbetalinga for den/dei andre blir halvert.

Færre elevar frå hausten 2017 og mindre i refusjonar, var noko av årsaka til at vi store delar av dette skuleåret sleit med eit negativt driftsresultat. Det vart gjort grep for å snu den økonomiske situasjonen og det endelege driftsresulta-tet vart på kr. 916 231.

Vi treng at de som misjonsfolk er med å ber for oss som arbeider på skulen. Be om at vi som skule og skuleeigar må få visdom og mot til å satse klokt og framtidsretta.

## Eg løfter mine auge

Kvar dag samlar vi alle elevane våre til andakt i amfiet. Kvar dag får vi vere med på å peike på Guds rike; «Kva er Guds rike likt? Kva skal eg samanlikna det med? Det er likt eit sennepsfrø som ein mann tok og sådde i hagen sin. Det voks og vart til eit tre, og fuglane under himmelen bygde reir i greinene på det.» Luk.13. 18-19. Vi får vere med å så og vatne!

*Eg lyfter mine auge* ønskjer vi skal vere ei overskrift over skuledagen på Møre Ungdomsskule.
*Eg lyfter mine auge* vil og seie at vi ser vidare ut enn berre til oss sjølve, og at vi bryr oss om at dei rundt oss skal ha det bra.

Vi ønsker at både elevane våre, personalet og andre som kjem innom skulen vår, skal få oppleve å løfte auga mot Han som har skapt himmelen, jorda og kvar og ein av oss, og som møter oss der vi er!

*For Møre Ungdomsskule*

*Arild Ove Halås* — *Signe Reidun Urtegård*
*Styreformann* — *rektor*

# Møre barne- og ungdomsskule Herøy

Møre barne- og ungdomsskule er ein kristen grunnskule på Søre Sunnmøre, no inne i sitt 15.driftsår. Skulen er ei sjølvstendig stifting, med styret i Sunnmøre Indremisjon som stiftinga sitt råd. Den kristen grunnskulen utgjer eit alternativ til offentleg skule, der ein står fritt til å formidle evangeliet om Jesus! **Dette utgjer ein flott kombinasjon av skulearbeid og kristent arbeid!**

## Visjon om kvalitet

Skulen er grunna på det kristne trus- og verdigrunnlaget og vil i alt sitt virke søkje å gje elevane det beste dei kan få for både livet og det evige livet.

Skulen sin visjon er knytt til orda **kvalitet, kunnskap, kjennskap** og **karakter**, og lyder slik: ”Møre barne- og ungdomsskule legg vekt på kvalitet gjennom god kunnskapsformidling, nær kjennskap til den kristne trua som skulen er grunna på, og å utvikle ein sterk og trygg personleg karakter hjå elevane.”

## Elevar

Elevtalet var ved utgangen av 2018 på 150 elevar, med 75 på barnetrinnet og 75 på ungdomstrinnet. Elevane kjem frå Herøy, Ulstein, Hareid, Volda, Ørsta og Sande kommune. Skulen har søkjarar på fleire ulike årstrinn, med hovudvekt på 1.trinn og 8.trinn. Skulen har igjen ei markert auke i elevtal.

Skulen vil oppmode misjonsfolket til å tale vel om skulen, og hjelpe kristne foreldre i å gripe sjansen til å få ei trygg og god støtte i oppdraging og opplæring av sine born og ungdommar. Skulen skal først og fremt vere eit kristent skulealternativ!

## Styret

Styret for skulen er både tverrkyrkjeleg og geografisk spreidt samansett. Dette for å kunne gje skulen eit større nedslagsfelt og synleggjere for kristenfolket på Søre Sunnmøre at dette er eit arbeid vi som kristne får stå saman om. Ved utgangen av 2017 sat fylgjande faste valde representantar i styret: Odd Asbjørn Nybø (leiar) Svein Frøystad, Liv Randi Knotten, Håvard Ringstad og Linn Therese Sævik.

## Tilsette

Styret for skulen er både tverrkyrkjeleg og geografisk spreitt samansett. Dette for å kunne gje skulen eit større ned-



slagsfelt og synleggjere for kristenfolket på Søre Sunnmøre at dette er eit arbeid vi som kristne får stå saman om. Ved utgangen av 2018 sat fylgjande faste valde representantar i styret: Ove Johan Kopperstad (leiar) Svein Frøystad, Liv Randi Knotten, Håvard Ringstad og Solfrid Ulstein Riise



## Misjonsprosjekt

Skulen har dette året gjennomført misjonsprosjekt til støtte for Vyborghjelpa. Misjonsprosjektet synleggjere den diakonale sida ved den kristne tru og lære, og gjennom misjonsprosjektet fekk vi dette året eit nært kjennskap til kva det i praksis ville seie å få vere til hjelp for born og unge i eit anna land. Etter prosjektveka vart det gjeve kr 72 011,- til prosjektet. Ei stor takk til elevar, lærarar og andre deltakande for engasjement og innsatsvilje!

## Økonomi

Skulen vil frimodig utfordre til bidrag til dette viktige misjonsarbeidet! Ta kontakt med skulen på tlf 70 08 05 50 eller gje ei gåve direkte til 3000.18.45655.

## Takk

I påske les vi blant anna i Luk 23 om dei to røvarane på korset. Dei bad eigentleg begge to om frelse:

*”Er ikkje du Messias? Frels deg sjølv og oss!”*
*«Jesus, kom meg i hug når du kjem i ditt rike.»*

Så les vi av samanhengen at det berre var den eine frelsesbøna som kom frå hjartet. Jesus var ikkje sein med å respondere på hjartespråket, og inviterte med glede den eine røvaren med til Paradis.

Dette er målet også med å drive kristen skule, å få barn og unge til å gripe evangeliet med både tanke og hjarte, og få vende seg til Gud slik som røvaren på korset, frå hjarte til hjarte.

Ei varm takk til kvar og ein av dykk som tek med skulen i bønene dykkar. Skulen vil gjerne vere ditt bønnebarn!

Skulen finn ein på Industrivegen 1 på serviceområdet i Myrvåg nær Dragsund, på nettsida *www.møreskule.no*, og på facebooksida *www.facebook.com/moreskule.*

*Ove Johan Kopperstad*
*- styreformann -*

*Knut Einar Tokheim*
*- rektor -*



# Møre barne- og ungdomsskule Skodje

## Den yngste Møre-skulen veks vidare

Møre barne- og ungdomsskule Skodje er den tredje grunnskulen knytt til Sunnmøre Indremisjon. Skulen starta opp med skuledrift i august 2015, og er kome godt i gang i leigde lokaler i Brusdalen i Skodje kommune. Skulen er organisert som eit aksjeselskap med skulestyre og det til ei kvar tid sitjande styret i Sunnmøre Indremisjon som til samen utgjer aksjeselskapet si generalforsamling. Som dei to andre Møre-skulane på Sunnmøre så arbeider vi for å vere ein kvalitetsskule reint fagleg og pedagogisk – i tillegg til å vere eit alternativ til den offentlege skulen. Eit alternativ med tydeleg kristen forankring, der vi står fritt til å formidle evangeliet om Jesus. Dette utgjer eit godt høve for skulen, og for Sunnmøre Indremisjon for øvrig, å konkret og praktisk ta samfunnsansvar på Sunnmøre. Dette gjer vi ved å tilby skuleforeldre hjelp med utdanning og utrustning av sine born til å kunne verte framtidas trygge og sjølvstendige vaksne.

## Elevar

Med 50% elevvekst hausten 2016, og 45% elevvekst hausten 2017, så har det vore godt med ein haust uten den store prosentmessige veksten i elevtal. Dette vert det første året vi kan «gjenta» eit heilt driftsår med alle ti klassetrinna på plass. Våren 2018 hadde vi vår første eksamenstid, og vi fekk takke av 16 flott 10.klassingar til eksamensfest og vitnemålsutdeling i juni. Elevtalet ligg som i fjor på rundt 80 elevar. Og elevane kjem frå fire ulike kommunar - Skodje, Haram, Ørskog og Ålesund.

Søkartal for komande skuleår er framleis gode, og skulen kan truleg vente seg ei vekst på mellom 15-20 nye elevar hausten 2019. Skulen har søkarar på fleire ulike trinn, med hovudvekt på 1. og 8.trinn.




## Styret

Skulestyret består av leiar, nestleiar og tre styremedlemmar. Det er i tillegg to varamedlemmar.
Styret har hatt 7 styremøter og handsama 70 saker.
Ved utgangen av 2018 var styret samansett slik:

| | |
|---|---|
| Odd Asbjørn Nybø | leiar |
| Arvid Ødegård | nestleiar |
| Margrethe H. Bakke | styremedlem |
| Rune Sæther | styremedlem |
| Solbjørg Stokken | styremedlem |
| Roberto Sandli | foreldrerepresentant |
| Amanda Rogne | elevrådsrepresentant |
| Stine Botn | representant for pedagogisk personale |
| Olgunn Oksavik | representant for øvrige tilsette |
| Geir Ove Leite | representant for Skodje kommune |
| Ingrid Kvam Steinshamn | rektor og sekretær for styret |
| Vara: | |
| Dag Øyvind Sæter | 1.vara (møter fast til styremøta) |
| Robert Vestgarden | 2.vara |
| Geir Hokåsmoen | 3.vara |

## Læring og skulekvardag

På Møre barne- og ungdomsskule Skodje gjev vi opplæringa i dei ulike faga etter Kunnskapsløftet frå 2006.
Vi er i gang med å sette oss inn i Fagfornyinga som er planlagt hausten 2020. Her er det mykje spanande og noko krevande å førebu for både lærarar og skuleleiinga. I kristendomsfaget gjev vi opplæring etter eiga godkjend læreplan. Hausten 2018 har vi tilbydd to valfag for ungdomsskuleelevane våre. Dette har vore "Trafikk" (med høve til å ta trafikalt grunnkurs inkl i faget) og «Natur, miljø og friluftsliv» der elevane lærer om korleis ferdast i naturen.

Eit nytt år med skuledrift har vore positivt prega av at vi har fått ein dyktig inspektør for ungdomstrinnet, Runar Andersen. I tillegg har 10.trinn har vore i Krakow for andre gang, der dei fekk verte kjend med detaljar frå andre verdskrigen, og jødeforfølginga. Vi drog ikkje saman med Møre Ungdomsskule, Ålesund i år – men det vert truleg aktuelt igjen i framtida!

Ellers nyter vi området i Brusdalen med fast utedag ein dag i veka for 1.-3.trinn, fjellturar, gapahuk og ikkje minst ballbingen som vi har etablert saman med Brusdal Idretts- og Velforening. Vi er takksame for å kunne nytte anlegget i Brusdalen, og er samstundes spente på kor det permanente skulehuset skal lokaliserast.

## Økonomi

Skulen sine inntekter kjem vesentleg frå statstilskot som vert utbetalt kvar månad. Dette er elevtilskot knytt til elevtalet. I tillegg betalar føresette ein sum skulepengar som skal støtte drifta noko. Utgifter knytt til spesialundervisning og undervisning av framandspråklege elevar vert dekte av heimkommunane til dei elevane det gjeld.





Økonomi er ei utfordring for friskulane, primært grunna at den økonomisk støtta frå staten - til skulehus - er minimal.

Vi vil særleg takke alle som har gitt skulen ei økonomisk støtte til drifta. Det har vore avgjerande for oss!
Vi vil frimodig utfordre fleire til å bidra til dette viktige misjonsarbeidet. Ta kontakt med skulen på tlf: 71 70 70 51 eller gje gåve direkte til gåvekonto: **8220.02.80632**. MERK med **«Gåve til Møre barne- og ungdomsskule Skodje»**, så vi du kunne få skattefrådrag for dette.

## Framtidig utvikling

Skulen har opplevd gode elevtal desse fire første driftsåra. Og det er allereie gode søkartal for komande skuleår. Det vil vere eit naturleg satsingsområde å få fortsette å styrke kvaliteten på skuledrifta for åra framover. Det er kome inn søknadar fleire år fram i tid – og vi gler oss over å verte kjend med elevar frå ulike deler av Nye Ålesund kommune. Arbeidet med å finne den permanente plasseringa og skulehus er godt i gang, og skulen vonar at vi i løpet av kalenderåret 2019 vil få meir avklaring når det gjeld plassering av permanent skulehus.

Vi må kunne sei at vi er no på veg ut av «oppstartsfasen» av å bygge opp endå ein Møre-skule på Sunnmøre. Ein skule som skal få ha fokus på liv og læring med **ein himmel over** skulekvardagen, både for elevar og dei tilsette. Dette verdset vi som arbeidar ved skulen høgt, og vi er fullt klar over at dette ikkje er sjølvsagt. Vi ber om mykje forbøn og støtte i dagane som kjem. Vi trur, og ser konkret, at skulen kan gjere godt i medmenneske sine liv – og vi ønsker å få fortsette med det.

For Møre barne- og ungdomsskule Skodje April 2019

Ingrid Kvam Steinshamn / Rektor /

Odd Asbjørn Nybø / Styreformann /



# Radio Sunnmøre



*Ragnhild Kristine Vartdal Espelund.*

*Radio Sunnmøre har sidan 1984 vore på lufta på Sunnmøre, og dei siste åra med 3 796 timar årleg. Våre sendingar når i 17 av 17 kommunar på Sunnmøre på FM, i tillegg til på DAB på Sunnmøre og lyttarar verda over via webradio.*

## Stab

I fyrste halvår av 2018 var Gunnhild Aksnes Kristiansen vikarierande dagleg leiar i 80%, Oddveig Molnes var inne enkelte periodar av dette halvåret, og Victor Haram gjekk frå januar ned i 50 % stilling som programprodusent. Frå 1. juni var fungerande dagleg leiar, Ragnhild Kristine Vartdal Espelund, tilbake i 100% etter foreldrepermisjon og Victor Haram gjekk frå 1. september ned i 20 % stilling. Hausten 2018 tilbydde Oddveig Molnes seg på frivillig basis å lage sendingane for søndag, og onsdag kveld.

## Programarbeid

Radio Sunnmøre sender i sine 73 timar kvar veke program med intervju, andakter og musikk som skal engasjere, vere trusstyrkande og evangeliserande. Vi har dette året hatt samarbeid om produksjon av program for Tro & Medier, Åpne Dører og  og i tillegg eit fast intervju med Dagen sin Israelskorrespondent kvar veke. Desse programma sendast også på fleire andre lokalradioar i landet. Nye spaltar og seriar har blitt arbeidd med og sendt. På hausten vart det også på ny opparbeidd aktivitet på radioen si nettside, og daglege intervju lagt ut på radioen sin eigen podcast.



*Victor Haram.*



*Oddveig Molnes.*

## Sendeområde

FM101-samarbeidet har to sendekonsesjonar, og har også i 2018 leigd sendetid på Bygderadio Vest for å nå Søre-Sunnmøre på FM.

## DAB

1.november gjekk vi på lufta på DAB i Ålesundsområdet. I 2018 starta også arbeidet med å sette opp ein DAB-sendar på Teigetua på Nerlandsøy.

## Inntektskjelder

Radio-Giv 2016 og loddsal:

To dagar med 17 direktesendte timar i mars: 241 610,-

Lotteri med trekking i november: 201 401,-

Radiomesse i november, Borghallen på Ålesund folkehøgskole: 150 887,-

Innsamla sum på kr. 597 898,-

Fast givarteneste: Gir forutsigbar inntekt.

Dette året: 344 339,-

Foreningsgåver/private gåver:  378 211,-

## Styret, økonominemda og ansvarleg redaktør

Styret 1.halvår:  Are Bakke (formann), Arnstein Rødset (nestformann), Marita Giske Nordgård, Merete Valderhaug, Jon Hildre, Kolbjørn Gjære for SIM, Kåre Magne Remmen (vara)

Frå august var styret som fylgjer: Are Bakke (formann), Arnstein Rødset (nestformann), Johan Behrentz, Merete Valderhaug, Jon Hildre, Kolbjørn Gjære for SiM, Kåre Magne Remmen (1.vara) og Helge Åkernes (2.vara)

Styret møtest om lag ein gong i månaden.

Økonominemda i 2018:  Reidar Fiske, Eli Remme, Oddveig Molnes og Ole Per Storhaug

Ansvarleg redaktør:  Johan Halsne

## Takk

Takk til trufaste støttespelarar som har brukt fritid i frivillig arbeid for Radio Sunnmøre.
Takk til Arne Johan Helle, Jon Hildre og Bjørn Tomren med stort teknisk ansvar, og opprustning og vedlikehald i våre konsesjonsområde og utvikling av DAB.
Takk til styret, økonominemnda, messekomitéar, teknikarar, laurdagsredaksjonar og andre.
Takk for forbønn og støtte for oss som har vår teneste i ein radio med 73 sendetimar pr. veke.

*Ragnhild Kristine Vartdal Espelund*
*dagleg leiar*

# Begravelsesbyrået Sunnmøre AS

*Begravelsesbyrået Sunnmøre AS har i år 2018 hatt sitt 46. drifts år og firmaet har fylgjande avdelingar:*
*Begravelsesbyrået og Mørekister.*
*Begravelsesbyrået Sunnmøre AS er eigd 100 % av Sunnmøre Indremisjon.*
*Begravelsesbyrået vart starta med tanke på den diakonale tenesta til Sunnmøre Indremisjon.*
*I tillegg var det eit ynskje at forretningsdrifta skulle gje eit økonomisk bidrag til misjonsverksemda.*

## Økonomi

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS hadde i 2018 ei omsetjing på kr. 6 663 035.– dette er ei lita auke frå året før.
Totalresultatet vart eit overskot på kr. 128 911.-.
Ved utgangen av året er selskapet gjeldfritt.

## Mørekister

Engrossalget av kister har halde seg stabilt, det varierer i forhold til oppdragsmengda i begravelsesbyrået elles.

## Begravelsesbyrået

Når det gjeld mengda på begravelsesoppdrag, er det om lag det same som året før.

**Arbeidstokken pr.31.12.2018:**
Marit Vingen, dagleg leiar.
Kjell Runar Stige, gravferdskonsulent.
Oddrun Malum Bjørdal, gravferdskonsulent.
Hilde Vartdal Clausen, gravferdskonsulent .
Ingvild Flesjå Grønfur, som har vore tilsett som gravferdskonsulent, har sagt opp stillinga si og byrja i anna arbeid.
Vi er svært takksame for den tida Ingvild har vore tilsett.
Ho har vore ein god medarbeidar og har utført arbeidet sitt på ein framifrå måte.

Begravelsesbyrået ynskjer å få vere til hjelp for nokon i ein tung og vanskeleg situasjon.
Vi er takksame om misjonsfolket vil hugse på dei tilsette i bønene sine.
Styret vil rette ei stor takk til dei tilsette for ein fin innsats siste driftsåret.

## Styret for Begravelsesbyrået Sunnmøre AS:

Harry Valderhaug - formann, Jostein Molvær -nestformann, Linbjørg Sunde, Ole Bjørn Vik



# Årsrekneskap Sunnmøre Indre

| Driftsinntekter og driftskostnader | 2018 | 2017 |
|---|---|---|
| 3000 Salg av annonser | 308 500 | 168 400 |
| 3010 Arrangement/matsalg | 27 577 | 70 857 |
| 3040 Salg av Bøker | 21 992 | 19 848 |
| 3120 Inntekt arr. Ung Misjon | 19 026 | 14 229 |
| Salgsinntekter | 377 095 | 273 334 |
| 3125 Foreningsgaver Ung Misjon | 36 875 | 50 500 |
| 3130 Foreningsgaver | 1 035 111 | 982 219 |
| 3135 Brukt og Nyttig | 146 000 | 295 000 |
| 3140 Kirkegaver | 5 236 | 12 426 |
| 3150 Private gaver | 47 100 | 40 339 |
| 3160 Kollekter | 318 629 | 284 003 |
| 3170 Prosjekt barne og ungdomsarb. | 116 292 | 120 379 |
| 3180 Fast givertjeneste | 724 562 | 745 570 |
| 3200 Vårgave | 90 700 | 65 372 |
| 3210 Sommergave | 94 450 | 103 572 |
| 3220 Høstgave | 75 733 | 103 600 |
| 3230 Julegave | 65 025 | 142 629 |
| 3240 Årsmøtegave | 136 500 | 135 000 |
| Gaver | 2 892 212 | 3 080 608 |
| 3250 Båtlotteri | 113 893 | 151 833 |
| 3600 Leieinntekt Ålesund bedehus | 221 600 | 219 867 |
| 3620 Strøm Radio Sunnmøre | 5 000 | 5 000 |
| 3710 Momskompensasjon | 199 139 | 175 452 |
| 3900 Andre inntekt.(test. gave) | 476 118 | 149 865 |
| Annen driftsinntekt | 1 015 750 | 702 017 |
| **SUM DRIFTSINNTEKTER** | **4 285 058** | **4 055 960** |
| | | |
| 5000 Lønn til ansatte | 2 569 057 | 2 440 798 |
| 5030 Refusjon sykelønn | - | -43 940 |
| 5050 Utleie personell | -876 717 | -554 618 |
| 5080 Lønn ved sykdom uten aga | 15 663 | 102 644 |
| 5100 Honorar | 62 900 | 22 800 |
| 5180 Feriepenger beregnet | 326 568 | 308 644 |
| 5182 Arb.avg. påløpne feriepenger | 46 046 | 43 519 |
| 5200 Leie av talerhjelp ImF | 427 217 | 415 956 |
| 5201 Leige av talere-frivillige | - | 20 973 |
| 5210 Fri telefon | 6 696 | - |
| 5250 Forsikringer | - | 15 205 |
| 5280 Annen fordel i arbeidsforhold | 46 901 | 29 540 |
| 5290 Motkonto gruppe 52 | -53 597 | -29 540 |
| 5295 Motkonto forsikringer | - | -15 205 |
| 5400 Arbeidsgiveravgift | 394 531 | 365 683 |
| 5420 Innberetningspl. pensjonskostnader | 75 774 | 127 482 |
| 5421 Innberettet pensjon | 107 049 | 127 482 |
| 5490 Bank- 3000 15 31235 (Brukskonto SpB+) | -107 049 | -127 482 |
| 5510 Bilgodtgjørelse skattepliktig del | 5 487 | 1 613 |
| 5800 Refusjon sykepenger | -15 663 | -102 644 |
| 5801 Redusjon arbg.grlag sykelønn | - | - |
